



MØTEINNKALLING BYGDEUTVIKLINGSUTVALET

Møtedato: 11.05.2021
Møtested: FJERNMØTE
Møtetid: 08:30 - 10:30

Eventuelle forfall / melding om møtande varamedlem må meldast på [møteportalen](#) eller til Lin Tove Thomassen epost lin.tove.thomassen@vaksdal.kommune.no

ORIENTERINGAR

Fast orientering frå kommunedirektøren
Orientering om BUA ved Trond Olav Magnussen

SAKSLISTE

SAKSNR	TITTEL
05/2021	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
06/2021	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
07/2021	REFERATSAKER OG MELDINGAR
07/2021.1	Innspel til bygdeutviklingsutvalet - omgjere fritidsbustader til heilårsbustader
08/2021	ORIENTERINGSSAK - OPPRUSTING AV GÅSEDAMMEN
09/2021	HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL OPPGRADERING AV MØTEPlass/AKTIVITETSOMRÅDE VED SKULEN OG BARNEHAGEN I EKSINGEDALEN
10/2021	LØYVING AV BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL BYGGING AV TRETILT VED SKARVAVATNET I BERGSDALSFJELLA
11/2021	LØYVING AV BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL GJENNOMFØRING AV ARRANGEMENTET "VBUK LAN 2021"
12/2021	LØYVING AV BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL OPPRUSTING AV DET GAMLE "SLAKTEHUSET" PÅ DALE.
13/2021	LØYVING AV BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL UTVENDIG OPPRUSTING AV "UNGDOMSHUSET FJELLHEIM" PÅ LID I BERGSDALEN
14/2021	LØYVING AV BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL UTVIKLING AV



Vaksdal kommune

KULTURARRANGEMENT I REGI AV "STANGHELLE KULTUR"

- 15/2021** **LØYVING AV BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL VØLING AV TAK PÅ GRENDAHUSET
LJOSHEIM, FLATEKVAL I EKSINGEDALEN**
- 16/2021** **LØYVING AV BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL Å UTVIKLE NETTSIDA
"WWW.VELKOMMENTILVAKSDAL.COM"**

3. mai 2021

Edvin Hesjedal
Leiar



Vaksdal kommune



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
05/2021	Bygdeutviklingsutvalet	PS	11.05.2021

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-033	21/629

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
06/2021	Bygdeutviklingsutvalet	PS	11.05.2021

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-033	21/629

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Vedlegg:

Protokoll - Bygdeutviklingsutvalet - 23.02.2021

Kommunedirekøren sitt framlegg til vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.



MØTEPROTOKOLL BYGDEUTVIKLINGSUTVALET

Møtedato: 23.02.2021
Møtestad: Fjernmøte
Møtetid: 08:30 - 09:10

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Edvin Hesjedal	H	Utvalseiar
Line Eide Vik	SP	Nestleiar
Mona Grenasberg	SV	Medlem
Ståle Kallestad Hesjedal	AP	Medlem

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Lisa Natalie Johnsen Lunde	AP	Varamedlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Arne Normann	KRF	Lisa Natalie Johnsen Lunde

Andre møtande:

Kommunalsjef for samfunnsutvikling Helge Berset,
Politisk sekretær Lin Tove Thomassen

Saksliste

SAKSNR	TITTEL
01/2021	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
02/2021	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
03/2021	REFERATSAKER OG MELDINGAR
04/2021	LØYVING AV BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL STAMNES IDRETTSKLAG FOR INNKJØP AV KAJAKKAR OG DELTAKING PÅ PADLEKURS



Vaksdal kommune



01/2021: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Bygdeutviklingsutvalet 23.02.2021

Behandling:

I førre møte vart det bestemt at BUA skulle komme og orientere om sitt arbeid i neste utvalsmøte. Utvalsleiar Edvin Hesjedal beklaga ovanfor utvalsmedlemmene, ein glipp gjer at orienteringa ikkje vert gjennomført i dette møtet. Dei vert invitert til neste møte.

Innkalling og saksliste vart samrøystes godkjend.

BYG - sak 01/2021 Vedtak/Tilråding:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

02/2021: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

Bygdeutviklingsutvalet 23.02.2021

Behandling:

Samrøystes godkjend

BYG - sak 02/2021 Vedtak/Tilråding:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

03/2021: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tekne til orientering.



Bygdeutviklingsutvalet 23.02.2021

Behandling:

Utvalet stilte spørsmål knytt til referatsak.

Kommunalsjef for samfunnsutvikling svarte.

Referatsaker og meldingar vart samrøystes godkjend.

BYG - sak 03/2021 Vedtak/Tilråding:

Referatsakene vert tatt til orientering.

04/2021: LØYVING AV BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL STAMNES IDRETTSLAG FOR INNKJØP AV KAJAKKAR OG DELTAKING PÅ PADLEKURS

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Bygdeutviklingsutvalet i Vaksdal kommune løyver kr 15 000,- i bygdeutviklingsmidlar til Stamnes Idrettslag for innkjøp av kajakkar og deltaking på padlekurs.

Vedtaket er gjort med bakgrunn i «Retningsliner for tilskot til bygdeutvikling». Tilskotet skal takast frå utvalet sine tilgjengelege midlar for 2021.

Godkjend kostnad er sett til kr 66 339,-, jf. budsjett. Løyinga vert ikkje knytt til ein fast prosentsats av faktisk kostnad, og kostnaden kan avvike frå godkjend kostnad.

Tilskotet vert betalt ut på bakgrunn av sluttrapport med dokumentasjon av faktisk kostnad. Rapporten skal sendast til kommunen innan tre veker etter at tiltaket er gjennomført. Delutbetaling kan finne stad på førespurnad.

Løyvinga gjeld for 2 år frå og med vedtaksdato.

Bygdeutviklingsutvalet 23.02.2021

Behandling:

Leiar for utvalet Edvin Hesjedal informerte utvalet om e-post frå søkjar om at idrettslaget også hadde fått midlar frå idrettsrådet på kr 35 000.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

BYG - sak 04/2021 Vedtak/Tilråding:



Vaksdal kommune

Bygdeutviklingsutvalet i Vaksdal kommune løyver kr 15 000,- i bygdeutviklingsmidlar til Stamnes Idrettslag for innkjøp av kajakkar og deltaking på padlekurs.

Vedtaket er gjort med bakgrunn i «Retningsliner for tilskot til bygdeutvikling». Tilskotet skal takast frå utvalet sine tilgjengelege midlar for 2021.

Godkjend kostnad er sett til kr 66 339,-, jf. budsjett. Løyinga vert ikkje knytt til ein fast prosentsats av faktisk kostnad, og kostnaden kan avvike frå godkjend kostnad.

Tilskotet vert betalt ut på bakgrunn av sluttrapport med dokumentasjon av faktisk kostnad. Rapporten skal sendast til kommunen innan tre veker etter at tiltaket er gjennomført. Delutbetaling kan finne stad på førespurnad.

Løyinga gjeld for 2 år frå og med vedtaksdato.



FJERNMØTE

Møtet vart gjennomført som fjernmøte, med heimel i kommunelova § 11-7 og vedtak i kommunestyret, sak 65/2020.

ORIENTERINGAR

Kommunalsjef for samfunnsutvikling Hege Berset orienterte om:

- Tilskotsordning for bygdeutvikling.
 - Frist for søknader over 15 000 er 31. mars, med behandling i maimøtet.
 - Informasjon er tilgjengeleg på kommunen si nettside, men vil også bli kunngjort i lokalavis og facebook.
 - Per i dag er det kome inn to søknader som har søknadssum over 15 000
- Ordførarkjede
- "Sakte fart" sak ved Straume
- Bosspann i Dale sentrum
- Gatelys og tursti og evt politisk sak om prioritering for oppføring av veglys til behandling.
- Planlegging av rundtur som måtte avlystast sist haust.
- Dagsturhytte Tettaneset.
- Motteken byggesøknad for tomt nr 2 i Tettaneset.
- Kommunale tomter på Jamne.

Utvalet hadde to konkrete innspel til etablering av veglys:

- Vegen frå Leiro og opptil høgdebasseng
- Dyvikavegen, Straume



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
07/2021	Bygdeutviklingsutvalet	PS	11.05.2021

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-033	21/629

REFERATSAKER OG MELDINGAR

Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
07/2021.1	Innspel til bygdeutviklingsutvalet - omgjere fritidsbustader til heilårsbustader

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tekne til orientering.

----- Videresendt e-post -----

Fra: **MAGNAR NESE** <magnanes@online.no>

Dato: ons. 28. apr. 2021 kl. 16:50

Emne: Innspel til bygdeutviklingsutvalet

Til: <edvin@hesjedal.org>

Eksingedalen Bygdaråd har fått denne saka å arbeida med. Ivar Bergo kjem til å fremje interpellasjon om saka. Tenkte også at bygdeutviklingsutvalet kan ha dette i tankane. No ser det ut til at linken nederst ikkje virkar lenger. Skal senda andre linkar når eg finn noko som er relevant.

Kan du dele dette med dei andre i utvalet?

Leiar arbeidsutvalet i Eksingedalen Bygdaråd, Magnar Nese

Eg har innspel til ei sak for bygdarådet:

Å oppmoda Vaksdal Kommune om enkelt å gjera fritidsbustader om til heilårsbustader.

Eller, enklare: Å gjera det lovleg å bu på hytta heile året.

Det «vanlege» er nok som i vår kommune, at ein kan søkja om dispensasjon for nokre år innan gjeldande reguleringsplan – eller ei varig bruksendring frå hytte til hus. Dette kostar ganske mykje, og er ein møysommelig søknadsprosess:

I utgangspunktet er gebyr for bruksendring frå hytte til hus kr. 13.700,-

Området er regulert til føremål fritidsbebyggelse i kommuneplanen, så det må også søkjast om dispensasjon. Gebyr er 12.700. Det er eit punkt som heiter «mellombels dispensasjon». Gebyr er då 6200 kr. (Tone Dale, Vaksdal kommune) I tillegg kostar det å få folk til å søkja for seg. Det er ikkje for kven som helst

Ein del kommunar har som sin strategi for å auka folketalet at det skal vera lett å bu heiltid på hytta.

Eg veit ikkje kor lett eller kor vanskeleg det er i dag å få godkjenning i kommunen for bruksendring av fritidsbustad. Dyrt er det, iallfall.

I Eksingedalen ser det ut til at det er lett å gjera bustad om til fritidsbustad. Dette fører til at dei som vil kjøpa seg bustad ikkje får kjøpt seg bustadhus.

Når kommunen gjer det så enkelt den eine vegen, bør dei gjera det lett motsett veg også.

Gjerne oppmoda folk om å busetja seg «på hytta» - det kan auka foletalet også!

Eller gjera det lovleg å bu permanent på hytta. Det burde vore gratis i Eksingedalen.

Nå kan du få permanent tillatelse til å bo på hytta

<https://www.engerdal.kommune.no/Politikk/Sider/Nå-kan-du-få-permanent...>

Kommunestyret har vedtatt retningslinjer for å benytte fritidsbolig **til** bolig. Det har **til** nå vært gitt tre års dispensasjon etter søknad for å kunne benytte **hytta** som bolig. Nå er det vedtatt retningslinjer der du etter søknad kan få permanent tillatelse, slik at du slipper å søke **på** nytt etter tre år.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
08/2021	Bygdeutviklingsutvalet	PS	11.05.2021

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FE-231	21/507

ORIENTERINGSSAK - OPPRUSTING AV GÅSEDAMMEN

Vedlegg:

Søknad bygdeutviklingsutvalgt til opprusting av Gåsedammen

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bygdeutviklingsutvalet tek saka til orientering.

Saksopplysningar:

Gåsedammens venner v/ Jostein Birkeland har søkt Utval for Bygdeutvikling om kr 480.000 til Gåsedammen og området rundt. Tiltaket er på kommunal grunn og eigedom.

I høve til retningslinene for Bygdeutvikling sine midlar, har desse midlane eit litt anna føremål enn å ruste opp kommunal eigedom/grunn, og samstundes er årleg tilgjengeleg tilskotsbeløp avgrensa til samla kr 500.000.

Med bakgrunn i vurderinga ovanfor, vert ikkje søknaden frå Gåsedammen venner lagt fram for Bygdeutviklingsutvalet til handsaming. Søknaden vert lagt fram for utvalet til orientering.

Kommunedirektøren vil fremje forslag til finansiering av opprusting av Gåsedammen-området til hausten i budsjettarbeidet for kommunen for 2022.

Søknaden frå Gåsedammens venner inneheld nokre enkle tilretteleggingstiltak, som nye benker, ny grill og nytt tennisnett, i tillegg til dei større drifts- og reparasjonstiltaka. Desse mindre tiltaka kan gjerne vere aktuelle/relevante å støtte gjennom bygdeutviklingsmidlane. I dette høve kan eventuelt Gåsedammens venner kome attende med ny søknad for handsaming til hausten, der kostnaden med tiltak er spesifiserte.

Gåsedammens venner
v/ Jostein Birkeland
Bergsdalsvegen 16
5722 Dalekvam
tlf 958 94 372

tirsdag den 30. mars 2021

Vaksdal kommune
v/ Bygdeutviklingsutvalget

Søknad om midler til opprusting av Gåsedammen

Gåsedammens venner søker herved om midler fra bygdeutviklingutvalget til opprusting av Gåsedammen og området rundt.

Bunnforholdene i dammen og kanten rundt er i svært dårlig forfatning. Vi ønsker å få reparert bunnen og laget ny kant rundt dammen. Avslutningsvis vil vi få lagt betongheller rundt som avgrensing inn mot dammen.

Det er pr. i dag ikke vanngjennomstrømming i dammen. Det medfører blant annet skittent vann. Vi ønsker å få montert en lensepumpe i dammen, som vil sørge for sirkulering og rens av vannet. Lensepumpa vil også bli brukt til å pumpe ut vannet for å rense bunnen.

Gåsedammen og området rundt er på vinterstid mye brukt av barnefamilier til skøyting på isen og aking. Vi ønsker en redskapsbod med strøm og utekran, til forsyning av lys, lensepumpe og høytrykkspyler ved rens av dammen. I boden er det planlagt blant annet oppbevaring av snøryddingsutstyr, koster m.m, blant annet for å måke snø av isen på dammen og ellers området rundt, koste tennisbane osv.

Vi ønsker belysning mot dammen. Vi ser for oss at det kan monteres en lyskilde i stolpen som allerede står ved dammen.

I tillegg ønsker vi en lyktestolpe ved akebakken av samme grunn.

Vi ønsker å sette opp flere benker på området.

Vi ønsker å bytte ut nettet på tennisbanen, samt rette opp nettstolpene.

Vi ønsker å ha en egnet, større grill ved dammen.

Siden Vaksdal kommune er grunneier av området, trenger vi hjelp til løsninger, lover, regelverk, anskaffelse av tjenester og vedlikeholdsplan etter tiltaket for at kommunen og brukerne skal få et resultat alle er fornøyde med.

Vaksdal kommune må stå som ansvarlig for fremtidig vedlikehold og kostnadene ved dette etter at tiltaket er ferdig.

Dugnad

En del av jobben med å ruste opp dammen og området rundt, vil gjøres på dugnad. Dette vil basere seg på arbeidsoppgaver som er overkommelige for de fleste, for at flest mulig skal kunne bidra.

Mesteparten av arbeidet må likevel gjøres av entreprenør. Valg av entreprenør og endelige kostnader ved dette, er pr dags dato ikke innhentet.

Vi ønsker å bruke lokale entreprenører og leverandører av tjenester og produkter til tiltaket.

Oppsummering

Det vi ønsker å gjennomføre følgende;

- reparere bunnen i dammen
- ny kant rundt dammen, med betongheller som avslutning
- redskapsbod med strømtilgang og utekran
- lensepumpe i dammen
- lyskilde (i eksisterende stolpe) ved dammen
- lyskilde ved akebakken
- 8 stk benker, fordelt på området rundt dammen og på tennisbanen
- utegrill ved dammen
- ruste opp tennisbanen, skifte nett og rette opp netstolper

Kostnad

Vi har i samarbeid og dialog med lokal entreprenør regnet ut at prosjektet som skissert vil få en kostnad på ca 480 000 kr. Vi er imidlertid avhengig av at Vaksdal kommune involverer seg i, og godkjenner planene før entreprenør kan gi en endelig pris.

Vi søker om en sum på 480 000 kr fra bygdeutviklingsutvalget til prosjektet.

Gåsedammens venner har kto.nr 3530.27.17581.

Kart over området





SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
09/2021	Bygdeutviklingsutvalet	PS	11.05.2021

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FE-231	21/456

HANDSAMING AV SØKNAD OM BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL OPPGRADERING AV MØTEPLASS/AKTIVITETSOMRÅDE VED SKULEN OG BARNEHAGEN I EKSINGEDALEN

Vedlegg:

Søknad om bygdeutviklingsmidlar til sosial- og aktivitetsområde i Eksingedalen

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Det vert ikkje løyvd bygdeutviklingsmidlar til søknaden om oppgradering av området ved skulen/ barnehagen som sosial møteplass og aktivitetsområde. Grunngevinga er at Vaksdal kommune i 2020, løyvde eigne investeringsmidlar til opprusting av skuleplassen til Eksingedalen skule på Bergo.

Saksopplysningar

Samandrag/konklusjon (kort om saka):

Bygdeutviklingsutvalet har kr. 500 000,- i tilskotsmidlar til fordeling i 2021.

«Elevgruppa ved Eksingedalen skule» søker om kr. 15 000,- i bygdeutviklingsmidlar til innkjøp av benkar, bålpanne og sparkesyklar for bruk på området ved skulen og barnehagen på Bergo.

Føremålet med tiltaket er å utvikle området som sosial møteplass og aktivitetsområde. Initiativet er knytt opp til prosjektet «*Fornyng og oppgradering av uteområdet ved skulen og barnehagen*» i regi av Eksingedalen kvinne- og familielag med fleire.

Vaksdal kommune løyvde nyleg kr. 200 000,- i investeringsmidlar til opprusting av Eksingedalen skule sitt uteområde, med vekt på innkjøp av leikeapparat.

Planlagd tiltak vert sett i samanheng med kommunen si løying til opprusting av uteområdet ved skulen, og Kommunedirektøren går ikkje inn for å løyve ytterlegare tilskot gjennom bygdeutviklings-midlane.

Bakgrunn for saka:

Bygdeutviklingsutvalet har kr. 500 000,- i tilskotsmidlar til fordeling i 2021. Delar av midlane er nytta.

I søknad av 19.03.21 søker «Elevgruppa ved Eksingedalen skule» om kr. 15 000,- i bygdeutviklingsmidlar til å ruste opp sosial møteplass og aktivitetsområde ved skulen og barnehagen på Bergo i Eksingedalen.

Tiltaket er kostnadsrekna til kr. 39 197,- fordelt på følgjande innkjøp:

- Fire stykk trykkimpregnerte hagebenkar, a kr. 3 300,- : kr. 13 200,-
- Bålpanne : kr. 2 000,-
- Tre stykk sparkesyklar for aldergruppa 12-16 år, a kr 1999,- : kr. 5 997,-

Bakgrunnen for søknaden er Eksingedalen kvinne- og familielag, Eksingedalen Idrettslag og foreldre og elevar sitt nyleg starta prosjekt om «*Fornyning og oppgradering av uteområdet ved skulen og barnehagen*».

Målet med prosjektet er å skape ein triveleg stad til bruk for skule/barnehage – og for familiar/bygdefolk i fritida. Den sosiale møteplassen og aktivitetsområdet er også meint for hytteeigarar og andre som besøker dalen, går det fram av søknaden.

Søklar har tru på at planlagd tiltak vil fremje «skuleplassen» som ein poulær samlingsplass for både born, unge og vaksne i Eksingedalen, og vere positivt for samhaldet i dalen.

I 2020 løyvde Vaksdal kommune, ved Eining for oppvekst og Eining for samfunnsutvikling, kr. 200 000,- i investeringsmidlar til opprusting av uteområdet ved barnehagen/skulen, spesielt med tanke på innkjøp av leikeapparat. Midlane vart tekne over budsjettet for «Oppvekst til skuleplasser/uteområde».

Formelt grunnlag

- Kommuneleva - generelle sakshandsamingsreglar.
- «Retningslinjer for tildeling av midlar frå Bygdeutviklingsutvalet», vedtekne på møtet av 26.05.20; <https://www.vaksdal.kommune.no/innhald/landbruk-nering-og-skatt/bygdeutvikling/retningslinjer-for-tilskot-til-bygdeutvikling/>

Det formelle grunnlaget vert teke inn i handsaminga under punktet «*vurdering og konsekvensar*».

Vurdering og konsekvensar

Søknaden vert vurdert å vere i samsvar med bygdeutviklingsmidlane sine retningslinene for krav til innhald.

«Elevgruppa ved Eksingedalen skule» står som søklar, men søknaden vert kopla opp mot prosjektet til kvinne- og familielaget med fleire. I dette høvet seier retningslinene at friviljuge lag og organisasjonar kan søkje om midlar frå Bygdeutviklingsutvalet.

I følgje retningslinene skal bygdeutviklingsmidlane nyttast til føremål med ålmenn nytte, og

stimulere til levande bygdeliv. Midlane skal kome mange til gode, skape trivnad og medverke til aktivitet som er tilgjengeleg for alle. I dette høvet kan det gjevast midlar til materiell og utstyr til ulike prosjekt og stader. Det kan òg gjevast stønad til kurs og kompetanseutvikling, men ikkje til drift.

Kommunedirektøren ser positivt på planlagd initiativ for å utvikle området ved skulen og barnehagen som møte- og aktivitetsplass for trivnad og opplevingar. Tiltaket vert vurdert å liggje innanfor bygdeutviklingsmidlane sine føremål. Men søknaden vert òg sett i samanheng med kommunen si løyving på kr. 200 000, som òg kan nyttast til innkjøpa det vert søkt om.

Den kommunale løyvinga er relativt stor, og sjølv om eit tilskot frå Bygdeutviklingsutvalet ikkje utelukker finansiering frå andre kjelder, er vurderinga at løyvde investeringsmidlar bør vere tilstrekkeleg til å utvikle uteområdet ved skuleplassen/barnehagen. Samstundes vert finansiering frå slike, øyremerkte midlar, vurdert som ein rettare bruk av pengar på kommunale uteområde/skule-plassar, enn bygdeutviklingsmidlane. Dette som følgje av at plassar til skule og barnehage først og fremst skal fremje aktivitet for born/ungdom som går der, sjølv om plassane også har ein viktig funksjon på fritida – og at lokale foreiningar er involvert i prosjektet det vert søkt om tilskot til.

Bygdeutviklingsmidlane bør i større grad nyttast til tiltak som kommunen ikkje har ansvar for, sjølv om tilskotsordningane kan kombinerast, når det er tenleg. I gjeldande høve går ikkje Kommunedirektøren inn for ein slik kombinasjon, og peikar på dei løyvde investeringsmidlane for å utvikle plassen ved barnehagen/skulen på Bergo.

Til
Bygdeutviklingsutvalet i Vaksdal Kommune

Stad: Bergo 19. Mars 2021

Søknad om midlar til sosial- og aktivitetsområde i Eksingedalen

Eksingedalen kvinne- og famielag, Eksingedalen idrettslag, foreldre og elevar har starta opp eit prosjekt: "Fornyng og oppgradering av uteområdet ved skulen og barnehagen". Målet er å skapa ein triveleg stad til bruk for skule/barnehage – og ein triveleg stad for familiar i fritida. Sosial- og aktivitetsområdet skal vera tilgjengelig og ope for bygdefolk, hyttefolk og dei som besøker bygda.

Prosjektgruppa har planar om å kjøpa inn fire trykkimpregnerte hagebenkar (rasteplassbenk) til ein pris på kr 3300,- pr stykk. Desse er tenkt å plasserast på skuleplassen, barnehageområdet og på lavvoplassen. I tillegg ynskjer ein å kjøpa inn 1 stk bålpanne til kr 2000,- og 3 stk sparkesyklar som passar for aldersgruppa 12-16 år. Sparkesyklane kostar kr 1999,- pr stk.

Me søker om kr 15 000,- til prosjektet.

Me har trua på at eit slikt tilbod kan styrka samhaldet i heile Eksingedalen. Dette vil verta ein samlingsplass for born, unge og vaksne.

Me håpar på positivt svar.

Med venleg helsing

Elevgruppa v/Eksingedalen skule

Elias Bergo, Robert Brønstad, Silje Gullbrå, Sigve Øvstedal, Johannes Bergo



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
10/2021	Bygdeutviklingsutvalet	PS	11.05.2021

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FE-231	21/508

LØYVING AV BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL BYGGING AV TRETILT VED SKARVAVATNET I BERGSDALSFJELLA

Vedlegg:

Søknad om bygdeutviklingsmidlar - Bygging av tretelt ved Skarvavatnet
167133537_972579959947090_4486521726846179610_n

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bygdeutviklingsutvalet i Vaksdal kommune løyver inntil kr. 15 000,- i bygdeutviklingsmidlar til Bergsdalen bygdela, org. nummer 923640231, for oppføring av to stykk tretelt ved Skarvavatnet i Bergsdalsfjella.

Løyvinga utgjer 34 % av «godkjend kostnad» på kr. 43 500,- (øvre ramme). Utbetaling vert gjort ut frå dokumenterte utgifter innanfor kostnadsramma, og er knytt til innkjøp/bruk av material (kr. 30 000,-) og eige arbeid (kr. 13 500,-).

Vedtaket er fatta med bakgrunn i «Retningsliner for tilskot til bygdeutvikling». Løyvinga skal takast frå utvalet sine tilgjengelege midlar for 2021.

VILKÅR for tildeling:

- Før gjennomføring og utbetaling må søkjar avklare om det er knytt søknadsplikt til tiltaket, eller ikkje. Ved søknadsplikt må vedtak om løyve til oppføring liggje føre.
- Grunneigarane må gje løyve til oppføring.

Tilskotet kan (del)utbetalast i førekant av gjennomføring, etter førespurnad.

Sluttrapport med kostnadsdokumentasjon skal sendast til kommunen innan tre veker etter at tiltaket er gjennomført.

Løyvinga gjeld for 2 år frå og med vedtaksdato. Etter dette vert midlane trekt attende.

Saksopplysningar

Samandrag/konklusjon (kort om saka):

Bygdeutviklingsutvalet har kr. 500 000,- i tilskotsmidlar til fordeling i 2021.

Bergsdalen ungdomslag søker om kr. 15 000,- i tilskot til å setje opp to stykk tretelt ved Skarvavatnet i Bergsdalsfjella. Føremålet er å fremje friluftslivstilbodet.

Kommundirektøren finn at innhaldet i søknaden er i tråd med føremålet som bygdeutviklingsmidlane skal fremje, og går inn for løyving av kr. 15 000,- i tilskot, tilsvarande søknadsbeløpet. Tilskotet tek utgangspunkt i kr. 43 500,- som «godkjend kostnad», og utgjer 34 % av denne kostnaden.

Bakgrunn for saka:

Bygdeutviklingsutvalet har kr. 500 000,- i tilskotsmidlar til fordeling i 2021. Delar av midlane er nytta.

I søknad av 31.03.21, søker Bergsdalen bygdelag, v/ Anne Hilde Fosse Osvold, om kr. 15 000,- i bygdeutviklingsmidlar til bygging av to stykk tretelt ved Skarvavatnet i Bergsdalsfjella. Vatnet ligg 762 m.o.h, og om lag 1 time å gå frå Bergsdalen.

Tiltaket er kostnadsrekna til kr. 43 500,-, fordelt på følgjande utgifter:

- | | |
|--|----------------|
| · Innkjøp/bruk av materiell, à kr. 15 000,- | : kr. 30 000,- |
| · Eige arbeid/eigeninntats, 45 timar, à kr. 300,-/time | : kr. 13 500,- |

Tilskotet det vert søkt om, utgjer 34 % av budsjettet kostnad. Eigenfinansieringa vert 66 %.

Søklar opplyser at Bergsdalen bygdelag er teken opp i «LivOGLyst»-programmet til Vestland fylkeskommune. I dette høvet har laget planar for tiltak og framdrift i prosjektperioden, med vekt på bulyst, samhald, trivnad, reiseliv og kultur. Initiativet for å setje opp tretelt inngår som del av dette.

Søkar skriv at Bergsdalsfjella, som følgje av sin flotte natur, er mykje nytta til friluftsliv, både av innbyggjarar og tilreisande. Mykje av trafikken er knytt til merka turstiar, og føremålet med tiltaket er å spreie «trafikken» og å leggje til rette for friluftsliv også i andre området, mellom anna knytt til jakt og fiske. Tiltaket er eit prøveprosjekt som ein vil vurdere resultatet av, før ei eventuell vidareføring/utvikling.

Dei trekanta tretelta det er planar om å setje opp, er 2 x 3,7 meter. Telta skal gje grunnlag for overnatting, med ly for vær og vind, og medverke til flotte naturopplevingar. Hyttene skal vere eigenproduserte, sjå vedlegg, og laget skal stå for vedlikehald og jamleg tilsyn.

Aktuelle grunneigar har gjeve samtykke til å setje opp tretelta.

Bygdelaget har tru på at tiltaket er eit «mjukt» prosjekt, som vil bli populært og verte til felles nytte.

I dette høve vonar søklar på løyving av bygdeutviklingsmidlar til tiltaket.

Formelt grunnlag

- Kommunelova - generelle sakshandsamingsreglar.
- «Retningslinjer for tildeling av midlar frå Bygdeutviklingsutvalet», vedtekne på møtet av 26.05.20; <https://www.vaksdal.kommune.no/innhald/landbruk-nering-og-skatt/bygdeutvikling/retningslinjer-for-tilskot-til-bygdeutvikling/>

Det formelle grunnlaget vert vurdert under «*vurdering og konsekvensar*».

Vurdering og konsekvensar

Søknaden vert vurdert å vere i samsvar med retningslinene for tilskotsordninga sine krav til innhald og kven som kan søkje om midlar (mellom anna friviljuge lag/organisasjonar).

I følge retningslinene skal bygdeutviklingsmidlane nyttast til føremål med ålmenn nytte, og stimulere til levande bygdeliv. Midlane skal kome mange til gode, skape trivnad og medverke til aktivitet som er tilgjengeleg for alle. I dette høvet kan det gjevast midlar til materiell og utstyr til ulike prosjekt og stader. Det kan òg gjevast stønad til kurs og kompetanseutvikling, men ikkje til drift.

Kommunedirektøren vurderer at planlagt tiltak vil kome fleire til nytte, og at ei etablering vil kunne leggje til rette for - og fremje - friluftsliv og naturopplevingar. Vurderinga er at planlagt aktivitet er i samsvar med føremålet som bygdeutviklingsmidlane skal fremje, og det synest naturleg å byrje «i det små», for å hauste erfaringar.

Med bakgrunn i søknaden vert «godkjend kostnad», som utgangspunkt for ei løyving, sett til kr. 43 500,-. Verdisetting av eigeninnsatsen til kr. 300,-/t, er innanfor ramma av kva kommunen godkjenner.

Retningslinene seier at det ved prioritering av søknadar, skal takast omsyn til geografisk spreiding og om bygder har fått tilskot ved tidlegare høve. Grendene i Bergsdalen har etter kva Kommunedirektøren kjenner til, ikkje fått tildelt bygdeutviklingsmidlar før, men til denne søknadsomgangen er det kome inn to søknadar frå dalføret. Dette har ikkje påverka innstillinga.

På bakgrunn av søknaden sitt innhald, kriteria for løyving av tilskot, tilgjengelege midlar og innkomne søknadar, går Kommunedirektøren inn for å løyve kr. 15 000,- i tilskot til oppføring av to tretelt ved Skarvatnet i regi av Bergsdalen bygdelag. Løyvinga er i samsvar med beløpet det vert søkt om, og utgjør 34 % av «godkjent kostnad».

Føresetnaden for gjennomføring er avklaring om tiltaket er søknadspliktig etter plan- og bygningslova. Ved søknadsplikt må det liggje føre eit løyve til oppføring av tretelt, før utbetaling kan finne stad. Søkjar har ansvar for å avklare desse forholda med kommunen.

Til Bygdeutviklingsutvalet

Søknad om midlar til bygging av tretelt ved Skarvatnet

Bergsdalen bygdelag er i år tekne opp i LivOgLyst programmet til fylkeskommunen. Me avslutta forprosjektet vårt til nyttår, der me har lagt ein del planar framover. Me vil satse på bulyst, samhald, trivsel, reiseliv og kultur.

Me har etter kvart fått mange hytter i byda, og me har mange tilreisande turistar sommar og vinter. Folk som kjem til dalen, kjem for å nyta den flotte naturen. Eit par turruter er svært populære, og turlagshyttene er nok grunnen til det. Vårt ynskje er at noko av denne trafikken skal fordela seg meir, og at større delar av dalen vert teken i bruk. Det finns mange turar å gå, men dei må gjerast kjende.. Dette er noko vi skal jobbe vidare med framover.

Bergsdalsfjella inneheld mange fiskevatn og flotte jaktområder. Som ein begynnelse i det pågåande prosjektet, ynskjer me no å sette opp to stk «Tretelt»

Konseptet her er ei lita trehytte, bygd som eit trekanta telt, 2*3,7m. Her skal folk kunne gå inn å overnatte i ly for vær og vind. Som eit prøveprosjekt vil vi sette opp to slike «telt» ved to forskjellige fjellvatn. Grunneigar er positiv til dette, og avtale er gjort.

Ved å bruke desse tretelta, kan ein nyte fisketuren om dagen, sitja på trammen og nyta nysteikt fisk, for so å krypa i soveposen utan at vinden truar med å stikke av med teltet.

Hytta skal være eigenprodusert frå idè til utførelse. Den skal byggjast på staden på dugnad. Laget skal stå for alt av vedlikehald og med jamnleg tilsyn.

Budsjett

Materiell 2 stk à 15000,-	30.000,-
Arbeid 45 t	13.500,-
SUM	43.500,-



Me har tru på at dette kan bli eit populært tiltak som kan komma mange til nytte. Me håpar at Bygdeutviklingsutvalet vil støtta oss med midlar til dette prosjektet. Me søker med dette om eit tilskot på kr 15.000,-

Teikning av treteltet ligg som vedlegg.

Mvh Bergsdalen bygdelag

v/Anne Hilde Fosse Osvold

ahfo69@gmail.com





SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
11/2021	Bygdeutviklingsutvalet	PS	11.05.2021

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FE-231	21/533

LØYVING AV BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL GJENNOMFØRING AV ARRANGEMENTET "VBUK LAN 2021"

Vedlegg:

Søknad om bygdeutviklingsmidlar - Arrangere VBUK LAN

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bygdeutviklingsutvalet i Vaksdal kommune løyver kr. 15 000,- i bygdeutviklingsmidlar til Vaksdal barne- og ungdomskorps, org. nummer 993760277, til gjennomføring av «VBUK LAN» for born og unge i Vaksdal i 2021.

Løyvinga er knytt til leige av føredragshaldar og innkjøp av ulikt utstyr til arrangementet, jf. saksutgreiing.

Vedtaket er fatta med bakgrunn i «Retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling». Tilskotet skal takast frå utvalet sine tilgjengelege midlar for 2021.

Tilskotet vert betalt ut med bakgrunn i dokumenterte utgifter. Midlane kan på førespurnad, (del)utbetalast i førekant av gjennomføring.

Sluttrapport med kostnadsdokumentasjon skal sendast til kommunen innan tre veker etter at tiltaket er gjennomført.

Løyvinga gjeld for 2 år frå og med vedtaksdato. Etter dette vert tilskotet trekt attende.

Saksopplysningar:

Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Bygdeutviklingsutvalet har kr. 500 000,- i tilskotsmidlar til fordeling i 2021.

Vaksdal barne- og ungdomskorps søker om kr. 15 000,- i bygdeutviklingsmidlar til gjennomføring

av «VBUK LAN 2021». Arrangementet skal haldast i Turbinen, og det er mogleg å delta digitalt.

Føremålet med tiltaket er å tilby born og unge ein tidsaktuell og etterspurd aktivitet. Målsetjinga er å gjere arrangementet årleg og å kombinere data og korps på ulike måtar. Kurs i streaming vil utgjere ein av aktivitetane.

Midlane det vert søkt om skal nyttast til leige av innleiar og kjøp av diverse utstyr.

Kommunedirektøren finn at søknaden er i samsvar med føremålet til bygdeutviklingsmidlane, og går inn for å løyve kr. 15 000,- til tiltaket.

Bakgrunn for saka

Bygdeutviklingsutvalet har kr. 500 000,- i tilskotsmidlar til fordeling i 2021. Delar av midlane er nytta.

I søknad av 29.03.21 søker Vaksdal barne- og ungdomskorps, v/ Terje Pedersen, om kr. 15 000,- i bygdeutviklingsmidlar til gjennomføring av arrangementet «VBUK LAN 2021» i Turbinen. Midlane skal nyttast til å leige ein kjend Minecraft You-Tuber som føredragshaldar, i tillegg til innkjøp av videolys, utstyr til streaming og liknande.

Føremålet med «VBUK LAN» er å tilby born og unge i Vaksdal kurs i live streiming gjennom kompetente føredragshaldarar. Initiativet er nytt, og målet er å få til årlege LAN-party, der ein prøver å kombinere data og korps på ulike måtar. Unge i dag er opptekne av streaming, og søkjar sin intensjon på sikt, er å få ungdommen sjølv til å overta dette på framtidige arrangement.

Under årets arrangement vert det lagt opp fysisk samling innafor gjeldande koronareglar og krav frå KKL, kombinert med live-stream (deltaking digitalt).

Det går fram av søknaden at barne- og ungdomskorpset har kjøp inn mykje nytt utstyr til arrangementet, mellom anna for å kunne ha bra live-stream sendingar. Ut over denne økonomiske eigeninnsatsen, vil det bli lagt ned eige arbeid knytt til planlegging og gjennomføring av arrangementet. Omfanget av innsatsen er ikkje spesifisert.

For nærare informasjon om arrangementet vert det vist til søknaden, sjå vedlegg.

Formelt grunnlag:

- Kommuneleova - generelle sakshandsamingsreglar.
- «Retningslinjer for tildeling av midlar frå Bygdeutviklingsutvalet», vedtekne på møtet av 26.05.20; <https://www.vaksdal.kommune.no/innhald/landbruk-nering-og-skatt/bygdeutvikling/retningslinjer-for-tilskot-til-bygdeutvikling/>

Det formelle grunnlaget vert handsama under «vurdering og konsekvensar».

Vurdering og konsekvensar:

Søknaden vert vurdert å vere i samsvar med tilskotsordninga sine retningslinjer om krav til innhald og kven som kan søkje om midlar (mellom anna frivillige lag/organisasjonar).

I følge retningslinjene skal bygdeutviklingsmidlane nyttast til føremål med ålmenn nytte, og

stimulere til levande bygdeliv. Midlane skal kome mange til gode, skape trivnad og medverke til aktivitet som er tilgjengeleg for alle. I dette høvet kan det gjevast midlar til materiell og utstyr til ulike prosjekt og stader. Det kan òg gjevast stønad til kurs og kompetanseutvikling, men ikkje til drift.

Etter Kommunedirektøren si vurdering, representerer planagt arrangement ein populær og ettertrakta aktivitet, som truleg mange born og unge i Vaksdal vil ha interesse av å vere med på. Arrangementet vert tilrettelagt, organisert og gjennomført av ein ansvarleg arrangør, og initiativet for å utvikle eit tidsaktuelt tilbod for målgruppa, vert sett på som bra og nyttig.

Sjølv om eigeninnsatsen ikkje er spesifisert i søknaden, går det fram at den er vesentleg.

Vurderinga er at planlagt aktivitet er i samsvar med føremålet som bygdeutviklingsmidlane skal fremje.

Retningslinene om at det skal takast omsyn til geografisk spreining ved tildeling av midlar, gjer seg mindre gjeldande, sidan tilbodet vil gjelde born og unge i heile kommunen.

På bakgrunn av søknaden sitt innhald, kriteria for løyving av tilskot, tilgjengelege midlar og innkomne søknadar, går Kommunedirektøren inn for å løyve kr. 15 000,- i tilskot til gjennomføring av «VBUK LAN 2021».

Fra: Vaksdal barne- og ungdomskorps <vaksdal.skulemusikk@gmail.com>
Sendt: mandag 29. mars 2021 20:51
Til: Postmottak Vaksdal
Emne: Søknad bygdeutviklingsutvalet

Forord

Det tar tid å bygge opp et nytt arrangement slik som VBUK LAN, ikke minst med avlyst første arrangement i 2020 da landet stengte ned rett før vi skulle arrangere. I år er det også veldig usikkert, men foreløpig kan vi arrangere fysisk for maks 50 deltakere på faste tilviste plasser under 20 år etter gjeldende nasjonale regler og bosatt i Vaksdal kommune som krav fra KKL.

Dog i år klok av skade har vi lagt opp større planer med live stream og bruk av egen Discord server slik at arrangementet kan gå uansett. Målet til Vaksdal barne- og ungdomskorps er å gjøre VBUK LAN til et årlig arrangement for barn- og unge samt prøve å kombinere data + korps på ulike måter.

Korpset har begynt å investere i mye nytt utstyr for å arrangere både fysisk LAN-party og ikke minst å kunne ha så bra live stream sendinger som mulig dog det krever også enda mer og bedre utstyr enn det vi har så langt, men vi bygger opp sten for sten. For årets arrangement så får vi med oss Emil Walseth, bedre kjent som emwaAventure, en norsk kjent Minecraft YouTuber i to økter på 2 timer med live stream. Hadde det ikke vært for korona så hadde han også kommet til Turbinen, men det får bli en annen gang.

Kva tiltaket gjeld

Utstyr og kursing i streaming.

Vi ønsker å tilby ungdommene i Vaksdal kommune kurs i live streaming gjerne med en foredragsholder som har lang erfaring med dette. Ikke minst er dette noe som opptar mange unge i dag og i tillegg hadde det vært supert om ungdommene selv kunne tatt over mer av streamingen for fremtidige VBUK LAN.

Kven som har ansvar for tiltaket

Vaksdal barne- og ungdomskorps ved Terje Pedersen

Krav om (enkelt) budsjett og anna dokumentasjon.

15000,- foredragsholder + resterende tenkt brukt til å mer utstyr til streaming, t.d. greenscreen, flere videolys etc.

Dokumentasjon på eigeninnsats.

- Skaffe foredragsholder
- Lage en plan for kurs sammen med foredragsholder

- Invitere og gjennomføre

--

Vaksdal barne- og ungdomskorps

leder: Terje Pedersen, Oterstadneset 14, 5727 STAMNES

mobil: 913 34 697 *epost:* post@vbuk.no *web:* <https://vbuk.no>



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
12/2021	Bygdeutviklingsutvalet	PS	11.05.2021

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FE-231	21/485

LØYVING AV BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL OPPRUSTING AV DET GAMLE "SLAKTEHUSET" PÅ DALE.

Vedlegg:

Søknad om økonomisk støtte

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Verksemda «Kero Dale» får tildelt inntil kr. 50 000,- i bygdeutviklingsmidlar til opprusting av det gamle «Slaktehuset» på Dale for felles bruk gjennom utleige til ulike aktivitetar/føremål.

Løyvinga utgjer 8 % av «godkjend kostnad» på kr. 650 000,- (øvre ramme). Utbetaling vert gjort ut frå dokumenterte utgifter innanfor ramma, og er knytt til innkjøp av material/utstyr og arbeidskostnadar.

Vedtaket er fatta med bakgrunn i «Retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling». Løyvinga skal takast frå utvalet sine tilgjengelege midlar for 2021.

Tilskotet kan på førespurnad, (del)utbetalast før slutføring.

VILKÅR/FØRESETNADAR:

- Det må innhentast byggjeløyve, om eit slikt løyve er naudsynt.
- Tilskotet fell vekk om bygget/lokalet vert nytta til butikk-/forretningsdrift dei første tre åra.

Sluttrapport med kostnadsdokumentasjon skal sendast til kommunen innan tre veker etter at tiltaket er gjennomført.

Løyvinga gjeld for 2 år frå og med vedtaksdato. Etter dette vert tilskotet trekt attende.

Saksopplysningar:

Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Bygdeutviklingsutvalet har kr. 500 000,- i tilskotsmidlar til fordeling i 2021.

«Kero Dale» søker om tilskot til renovering/opprusting av det gamle «Slaktehuset» på Dale (Konsul Jebsensgate 6). Føremålet er å skape ein felles samlingsstad, gjennom utleige til ulike aktivitetar og gjeremål, kombinert med museum om Dale sin historie.

Arbeidet er kostnadsrekna til kr. 650 000,-. Det er ikkje søkt om ein spesifikk tilskotssum.

Opprustinga har starta, og planen er å vere ferdig med arbeidet i løpet av august/september 2021. Tilsette hos «Kero Dale» står for det meste av gjennomføringa.

Kommunedirektøren finn at søknaden fell inn under tilskotsordninga, og går inn for ei løyving av inntil kr. 50 000,- i bygdeutviklingsmidlar. Løyvinga utgjer 8 % av «godkjend kostnad» på kr. 650 000,-. Det er knytt vilkår til løyvinga, jf. vedtak og saksutgreiing.

Bakgrunn for saka

Bygdeutviklingsutvalet i Vaksdal kommune forvaltar ei tilskotsordning for å fremje bygdeutvikling i kommunen, med kr. 500 000,- i tilskotsmidlar for 2021. Delar av midlane er nytta.

I søknad av 24.03.21 søker «Kero Dale», ved Kenneth Hansen, om bygdeutviklingsmidlar til restaurering og oppgradering av det gamle «Slaktehuset» på Dale for utleige til felles og ålmennyttige føremål. Det er ikkje søkt om eit konkret tilskotsbeløp.

Målet med restaureringa er å få til ein kombinasjon av museum om historien til Dale, med bruk til ulike aktivitetar og arrangement i regi av felleskapet i bygda og kommunen elles. Dette kan til dømes vere ulike kulturarrangement, selskap, møte i regi av lag/foreiningar, «Bondens marknad» med meir, og tanken er å etablere ein felles samlingsstad.

Planen er å restaurere heile bygget på 140 m². Kostnaden er budsjettet til kr. 650 000,-, fordelt på følgjande, omtrentlege utgifter:

- | | |
|--|----------------|
| · Nytt gulv + støypearbeid | : kr 100 000,- |
| · Grunnarbeid vegger og tak (sparkling, gipsing, maling ...) | : kr. 50 000,- |
| · Nytt kjøkken | : kr 100 000,- |
| · Sanitær | : kr 100 000,- |
| · Diverse utstyr | : kr 100 000,- |
| · Arbeid | : kr 200 000,- |

Det går fram at søkjar vil ta i bruk ein del utstyr og materielle frå «gamle prosjekt». Det vil også bli samla inn historiske bilete, antikvitatar og liknande, for bruk i bygget.

Søkjar legg opp til eit utleigekonsept for lokalet. Tiltaksarbeidet er sett i gong, og planlagd slutføring er august/september 2021.

Formelt grunnlag:

- Kommunelova - generelle sakshandsamingsreglar.
- «Retningslinjer for tildeling av midlar frå Bygdeutviklingsutvalet, vedtekne på møtet av

26.05.20; <https://www.vaksdal.kommune.no/innhald/landbruk-nering-og-skatt/bygdeutvikling/retningslinjer-for-tilskot-til-bygdeutvikling/>

Det formelle grunnlaget vert handsama under «vurdering og konsekvensar».

Vurdering og konsekvensar:

Søknaden vert vurdert å vere i samsvar med retningslinene for tilskotsordninga sine krav til innhald og kven som kan søkje om midlar (mellom anna private verksemder).

I følgje retningslinene skal bygdeutviklingsmidlane nyttast til føremål med ålmenn nytte, og stimulere til levande bygdeliv. Midlane skal kome mange til gode, skape trivnad og medverke til aktivitet som er tilgjengeleg for alle. I dette høvet kan det gjevast midlar til materiell og utstyr til ulike prosjekt.

Det kan ikkje gjevast stønad til drift.

Kommunedirektøren ser på restaureringsplanane for det gamle «Slaktehuset», og intensjonen om framtidig bruk, som spanande i høve til det felles samlingspunktet bygget kan verte. Samstundes vil eit eventuelt museum kunne formidle lokal historie og medverke til lokal identitet, i tillegg til å verte eit tilbod for tilreisande. Ut frå dette er vurderinga at initiativet samsvarer med bygdeutviklings-midlane sitt føremål.

«Kero Dale» er ein næringsaktør på Dale, med mange næringsretta gjeremål og initiativ. Dette må vurderast i høve til intensjonen og føremålet med bygdeutviklingsmidlane.

Opprusting av det gamle «Slaktehuset» vert ikkje vurdert som eit sterkt, næringsretta og kommersielt prosjekt, sjølv om det - naturleg nok - vert lagt opp til bruk gjennom utleige. Tiltaket har ein «mjuk» karakter, ved at det opprusta bygget skal kome innbyggjane på Dale og i kommunen elles, til gode. Utgangspunktet for ei løyving bør derimot vere at bygget/lokalet ikkje vert brukt til butikk-/forretningsdrift eller andre sterkt, kommersielle føremål. Stønad til slik bruk, vert vurdert å ikkje samsvare med midlane sitt føremål.

Bygdeutviklingsutvalet har avgrensa med midlar til rådvelde, og det er kome inn mange søknadar, der samla søknadsbeløp er vesentleg høgare enn kva som er tilgjengeleg. Det må i dette høve gjerast ei prioritering mellom innkomne søknadar. Med bakgrunn i regelverket finn difor Kommune-direktøren det naturleg å prioritere søknadar frå personar og lag/organisasjonar med ideelle føremål, høgare enn søknadar frå næringsaktørar.

Retningslinene seier at det skal takast omsyn til geografisk spreiding, og om bygder har fått tilskot ved tidlegare høve. Tettstaden Dale har etter kva Kommunedirektøren kjenner til, ikkje fått tildelt bygdeutviklingsmidlar før, men det er søkt om tilskot til to tiltak ved denne søknads-omgangen.

På bakgrunn av kriteria for løyving av tilskot, innhaldet i søknaden og ei samla vurdering, går Kommunedirektøren inn for å løyve inntil kr. 50 000,- til opprusting av det gamle «Slaktehuset» på Dale. Løyvinga utgjer 8 % av «godkjend kostnad» med tiltaket, som dannar øvre ramme for løyvinga.

Fra: Kenneth Hansen <kenneth@keroinvest.com>
Sendt: onsdag 24. mars 2021 13:51
Til: Postmottak Vaksdal
Kopi: Kenneth Hansen
Emne: Søknad om økonomisk støtte

Hei,

Kenneth Hansen, eier av Kero Dale.

Vi i Kero Dale er i gang med å renovere og oppgradere det gamle slaktehuset på Dale, i Konsul
Jebsensgate 6.

Det vi ønsker å få til, er en kombinasjon av museum, historien til Dale, samt å lage ett lokale som kan
brukes til fellesskapet på Dale.

Vi ønsker at det skal bli ett lokale som kan brukes til konserter, sykklubber, quis klubber, konfirmasjoner,
dåp, begravelse osv.

Tenker også at vi kan få til bondens marked osv.

Vi samler inn gamle bilder, antikviteter, møbler osv.

Budsjett er lagt til 650.000 NOK.

Vi skal oppgradere hele bygget på ca 140 kvadrat.

- Nye gulv, vegger, tak, male.
- Nytt kjøkken
- Nye toalett fasiliteter

Det blir ett spennende bygg og en god tilvekst til Dale.

Vi søker herved om økonomisk støtte til prosjektet.

Hører med glede fra dere.

Dere er velkommen på befaring om det er ønskelig.

Mvh
Kenneth Hansen
Kero Dale AS
93872306



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
13/2021	Bygdeutviklingsutvalet	PS	11.05.2021

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FE-231	21/509

LØYVING AV BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL UTVENDIG OPPRUSTING AV "UNGDOMSHUSET FJELLHEIM" PÅ LID I BERGSDALEN

Vedlegg:

Søknad om bygdeutviklingsmidlar - Utvendig oppussing av Ungdomshuset Fjellheim
TILBUD_1
Anbud arbeid Fjellheim

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Bygdeutviklingsutvalet i Vaksdal kommune løyver inntil kr. 100 000,- i bygdeutviklingsmidlar til Bergsdalen Ungdomslag, org. nummer 999138640, for utvendig opprusting av «Ungdomshuset Fjellheim» på Lid i Bergsdalen.

Løyvinga utgjer 27 % av «godkjend kostnad» på kr. 374 410,- (øvre ramme). Utbetaling vert gjort ut frå dokumenterte utgifter innanfor ramma, og er knytt til innkjøp av material og arbeidskostnader.

Vedtaket er fatta med bakgrunn i «Retningsliner for tilskot til bygdeutvikling». Løyvinga skal takast frå utvalet sine tilgjengelege midlar for 2021.

Tilskotet kan (del)utbetalast i førekant av gjennomføring, etter førespurnad.

Sluttrapport med kostnadsdokumentasjon skal sendast til kommunen innan tre veker etter at tiltaket er gjennomført.

Løyvinga gjeld for 2 år frå og med vedtaksdato. Etter dette vert tilskotet trekt attende.

Saksopplysningar

Samandrag/konklusjon (kort om saka):

Bygdeutviklingsutvalet har kr. 500 000,- i tilskotsmidlar til fordeling i 2021.

Bergsdalen Ungdomslag søker om kr. 170 000,- i bygdeutviklingsmidlar til utvendig opprusting av «Ungdomshuset Fjellheim». Søknaden utgjør 45% av «godkjend kostnad» på kr. 375 410,-.

Kommunedirektøren finn at søknaden er i samsvar med føremålet til bygdeutviklingsmidlane, og går inn for å løyve kr. 100 000,- til tiltaket. Dette utgjør 27 % av «godkjend kostnad». Framlegget til stønadsbeløp er gjort etter ei samla vurdering av innaldet i søknaden, innkomne søknadar og tilgjengelege midlar.

Bakgrunn for saka:

Bygdeutviklingsutvalet i Vaksdal kommune forvaltar ei tilskotsordning for å fremje bygdeutvikling i kommunen, med inntil kr. 500 000,- til fordeling i 2021. Delar av midlane er nytta.

I søknad av 31.03.21, søker Bergsdalen Ungdomslag, ved Berit Pettersen, om kr. 170 000,- i bygdeutviklingsmidlar til utvendig opprusting av «Ungdomshuset Fjellheim» på Lid i Bergsdalen.

Vedlagt budsjett, med pristilbod på innkjøp av material og innleigd arbeidskraft, viser ein prosjektkostnad på kr. 375 410, inkl. mva. I dette høve utgjør søknaden 45 % av budsjettert kostnad. Det resterande beløpet på kr. 250 410,-, skal dekkjast gjennom eigne midlar (kr. 176 000,-) og dugnadsinnsats. Planen er å gjennomføre arbeidet med det første.

Det går fram av søknaden at ungdomshuset, som er frå 1927, har vore godt vedlikehalde opp gjennom åra, men at det no er tid utvendig vedlikehald.

Søklar skriv at det vart gjennomført ei omfattande, innvendig opprusting i 2020, mellom anna i form av nytt kjøkken, vøling av toalett/vaskerom og bytting av golv og dører. Til saman brukte laget kr. 361 000,- av oppsparte midlar til arbeidet, saman med om lag 400 dugnadstimar frå medlemmane.

I søknaden vert det vektlagt at ungdomshuset er viktig for bygda/dalen. Det er her mange arrangement og festlege lag vert haldne. Huset vert leigd ut i ulike samanhengar.

Etter store økonomiske løft, har no laget ikkje eigne midlar til å fullfinansiere planlagt arbeid, og eit tilskot for Bygdeutviklingsutvalet vil i dette høve kome godt til nytte, i følgje søklar.

Formelt grunnlag

- Kommunelova - generelle sakshandsamingsreglar.
- «Retningslinjer for tildeling av midlar frå Bygdeutviklingsutvalet», vedtekne på møtet av 26.05.20; <https://www.vaksdal.kommune.no/innhald/landbruk-nering-og-skatt/bygdeutvikling/retningslinjer-for-tilskot-til-bygdeutvikling/>

Bruk av det formelle grunnlaget går fram under «vurdering og konsekvensar».

Vurdering og konsekvensar

Søknaden frå Bergsdalen Ungdomslag vert vurdert å vere i samsvar med retningslinjene for tilskotsordninga sine krav til innhald, og kven som kan søkje om midlar (mellom anna frivillige lag/organisasjonar).

I følgje retningslinene skal bygdeutviklingsmidlane nyttast til føremål med ålmenn nytte, og stimulere til levande bygdeliv. Midlane skal kome mange til gode, skape trivnad og medverke til aktivitet som er tilgjengeleg for alle. I dette høvet kan det gjevast midlar til materiell og utstyr til ulike prosjekt og stader. Det kan òg gjevast støtte til kurs og kompetanseutvikling, men ikkje til drift.

Tiltaket det vert søkt om finansiering til, vert sett på som eit fellestiltak, med lokal funksjon og nytteverdi for mange. Ungdomshuset er ein naturleg samlingsstad for innbyggjarane i Bergsdalen i ulike samanhengar, og huset legg til rette for felles aktivitet og oppleving.

Kommunedirektøren vurderer at planlagt opprustingsarbeid er i samsvar med føremålet til bygdeutviklingsmidlane, og at det er grunnlag for å løyve tilskot.

Ved vurdering av søknaden vert det lagt spesiell vekt på ungdomslaget sin høge eigenfinansiering og dugnadsinnsats, både i samband med gjennomført og planlagt arbeid på huset. Dette tel positivt.

Retningslinene seier at det ved prioritering av søknadar, skal takast omsyn til geografisk spreiding og om bygder har fått tilskot ved tidlegare høve. Grendene i Bergsdalen har etter kva Kommunedirektøren kjenner til, ikkje fått tildelt bygdeutviklingsmidlar før, men to søkjarar har søkt ved denne søknadsomgangen.

Det er kome inn mange søknadar, og samla søknadsbeløp overstig tilgjengelege tilskotmidlar. Ei prioritering er difor naudsynt.

På bakgrunn av søknaden sitt innhald, kriteria for løyving av tilskot, tilgjengelege midlar og innkomne søknadar, går Kommunedirektøren inn for å løyve kr. 100 000,- i tilskot til utvending opprusting av «Ungdomshuset Fjellheim». Løyinga er kr. 70 000,- mindre enn kva det vert søkt om, og tilskotet utgjer 27 % av «godkjend kostnad».

Til Bygdeutviklingsutvalet

Søknad til midlar til utvendig oppussing av Ungdomshuset Fjellheim

Bergsdalen Ungdomslag har i 2020 totalrenovert kjøkken i Ungdomshuset Fjellheim på Lid. I tillegg vart det bytta innvendige dører, nytt golv i gang og oppussing av toalett og vaskerom. All snekring vart gjort på dugnad av kvalifiserte tømrrarar, og det vart brukt 410 dugnadstimar. Alt av elektrisk og rørrarbeid vart gjort av fagfolk. Til saman vart dette ein kostnad på kr 361,000,-, noko vi hadde i oppsparte midlar.

Huset som er frå 1927, har vore godt vedlikehalde opp gjennom åra, men har no behov for fornying utvendig. Det er konstatert ein del råteskadar på kledning, og dei fleste vindauge bør skiftast, fleire har lekkasje allereie. Me ser for oss at me denne gongen vert nøydde til å leiga inn folk for å utføra det meste av arbeidet. Sjølv kan me bidra med maling og fjerning av avfall.

Huset er viktig for bygda vår, det er her alle festlege arrangement vert haldne. Huset vert òg leigd ut til forskjellige private feiringar, noko som er endå meir aktuellt no med nytt kjøkken.

Som dei fleste andre slit vi no med inntektsbortfall, og dette merkast sjølvsagt. Me har brukt mesteparten av dei oppsparte midlane våre innvendig, men likevel er oppussinga av huset eit prosjekt me bør ferdigstillast snarast, det vert ikkje billigare med tida.

Budsjett :

Materielkostnad	145.098,-
Arbeidskostnadar	230.312,-
SUM	375.410,-

Me ser for oss at me skal bruka resten av våre oppsparte midlar til dette formålet, kr 176,000,-. Me søker difor om eit tilskot på kr 170,000,-, og håpar bygdeutviklingsutvalet kan støtta oss med dette. Det resterande beløp som trengst vert som dugnadsinnsats.

Vedlegg : Anbud materiellkostnadar og arbeid.

Mvh Bergsdalen Ungdomslag

v/Berit Pettersen

berit@carebed.no

TILBUD



Kunde: 313894
BERGSDALEN UNGDOMSLAG
V/BERIT PETTERSEN
BERGSDALSVEGEN 916
5722 DALEKVAM

Foretaksregisteret
Org.nr.: NO 955255151 MVA
Bankgiro: 34800707619

XL-Bbygg Tverberg & Sønner
AS BYGG Tverberg

5705 VOSS

Tlf.: 56 52 96 96
Epost:

Leveringsadresse:
BERGSDALEN UNGDOMSLAG
V/BERIT PETTERSEN
BERGSDALSVEGEN 916
5722 DALEKVAM

Tilbud: 910422/00

Side 1 av 1

Leveringsdato:	Vår ref:	Bet. betingelser:
01.01.01	Kjetil Rødland	15 dgr nto
Leveringsmåte:	Kundens ref:	Dato: 12.03.21
Hentes	BERGSDALEN UNGDOMSLA	Kl.: 11:52:09
	Mob: ,	Gyldig til: 31.03.21

Varenr.	Varetekst	Antall	Enhet	LT	Mva %	Pris	Rab %	Netto sum
46525742	GRAN 19X148 E-FALS GR STD	130,00	M2		25,00	237,62		30 890,60
	JOTUN 1001 EGGHVIT NCS 0502 Y							
27717073	GRAN 19X148 E-FALS GR + M	1,00	M2		25,00	303,84		303,84
46525564	GRAN 19X148 REK KLED GR STD	100,00	LM		25,00	30,22		3 022,00
	JOTUN 1001 EGGHVIT NCS 0502 Y							
46525674	GRAN 19X098 REK KLED GR STD	200,00	LM		25,00	23,18		4 636,00
	JOTUN 1001 EGGHVIT NCS 0502 Y							
40806002	GRAN 23X048 LEKT/REKKE KL 1 BT	350,00	LM		25,00	9,72		3 402,00
50978684	VINDSPERRE SOFT XTRA 2,80X50M ISOLA	1,00	RUL		25,00	5 027,08		5 027,08
01000792	VANNBRETT 82MM HVIT PULVERLAKKERT RAS5431	15,00	LM		25,00	121,44		1 821,60
45080454	FURU 18X145 UTFORING LAM MALT 4400	15,00	STK		25,00	481,36		7 220,40
	FORING HVITMALT M 35 MM FJÆR BH							
53480064	FURU 12X058X4400 KARMLIST MALT	15,00	STK		25,00	149,00		2 235,00
	KARMLIST ENKEL MALT S0502-Y							
00559736	LYSSAND TREINDUSTRI	1,00	STK		25,00	46 205,50		46 205,50
	VARER IHT TILBUD 2309417							
01000784	PCB MILJØVEDERLAG	11,00	STK		25,00	9,00	NETTO	99,00
01000783	PALL- OG EMBALASJETILLEGG LYSSAND	2,00	STK		25,00	135,00	NETTO	270,00
00000999	DIVERSE FESTEMIDDEL/LIM/ FUG.	1,00	STK		25,00	8 000,00		8 000,00
25411034	FURU 45X070 CUIMP VANNBRETT KL1	50,00	LM		25,00	58,90		2 945,00
Netto sum eks. mva.								116 078,02
+ mva.								29 019,50
Brutto sum inkl. mva.								145 097,52

Tilbudet gjelder kun varer beskrevet i tilbudet. Det tas forbehold om prisstigning fra produsent/leverandør. Tilbudet er basert på levering i hele lass. Det er ingen retur på bestillingsvarer med mindre dette er avtalt og skriftlig godkjent på forhånd. Kunden står selv ansvarlig for masseberegning og varevalg. Fraktomkostninger og betalingsbetingelser i hennhold til avtale. Retur av lagervarer må avtales på forhånd og skriftlig godkjennes av saksbehandler før tilbakesending. Mengde kan bli justert ihht. hele plater/pakker ved levering. Varer selges ihht. XL-Bbygg Tverberg & Sønner ASs til enhver tid gjeldende salg og leveringsbetingelser som er tilgjengelig på

Jan Haldor Hatlestad <jan@arkoconsult.no>

3. feb.
2021, 21:22

til meg

Hallo igjenn!

Har rekna litt på dette. Kalkulasjonsprogrammet og eg er vorte einige om 335 timar.

Medrekna her:

Riving/rydding, utan diponiavgift: 75 t

Stilas, utan stilasleige: 30 t

Montering duk, lekt, kledning: 155t

Montering glas, fôring og list: 75 t

$335 \text{ t} \times 550 \text{ kr pr t} = 184250 + \text{mva}$

Håpar det var noko slikt du var ute etter.

Mvh Jan Haldor



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
14/2021	Bygdeutviklingsutvalet	PS	11.05.2021

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FE-233	21/206

LØYVING AV BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL UTVIKLING AV KULTURARRANGEMENT I REGI AV "STANGHELLE KULTUR"

Vedlegg:

Søknad bygdeutviklingsutvalet - tilskot til kulturelle opplevingar

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bygdeutviklingsutvalet i Vaksdal kommune løyver inntil kr. 30 000,- i bygdeutviklingsmidlar til «Stanghelle Kultur» i samband med førebuing og gjennomføring av lokale konsertarrangement i kommunen.

Løyvinga utgjer 100 % av «godkjend kostnad» på kr. 30 000,- (øvre ramme). Utbetaling vert gjort ut frå dokumenterte utgifter innanfor ramma, og er knytt til:

- Innkjøp av PA-anlegg med mikrofon : kr. 20 000,-
- Kompetanseheving/promotering : kr. 10 000,-

Det er ikke funne grunnlag for å løyve midlar til kunstnar- og artisthonorar, som følgje av at dette er vurdert som driftskostnadar, jf. saksutgreiing.

Vedtaket er fatta med bakgrunn i «Retningslinjer for tilskot til bygdeutvikling». Løyvinga skal takast frå utvalet sine tilgjengelege midlar for 2021.

Tilskotet kan på førespurnad, (del)utbetalast før slutføring.

Sluttrapport med kostnadsdokumentasjon skal sendast til kommunen innan tre veker etter at tiltaket er gjennomført.

Løyvinga gjeld for 2 år frå og med vedtaksdato. Etter dette vert tilskotet trekt attende.

Saksopplysningar:

Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Bygdeutviklingsutvalet har kr. 500 000,- i tilskotsmidlar til fordeling i 2021.

«Stanghelle Kultur» er ei nyskipa foreining for å gjennomføre lokale kulturarrangement, med hovudvekt på musikk. I dette høve søker foreininga om kr. 60 000,- i tilskot frå Bygdeutviklingsutvalet til å førebu og gjennomføre musikkonsertar. Investeringsane er knytt til innkjøp av lydanlegg, kunstnar- og artisthonorar, kompetanseheving og promotering. Kostnaden, utan eigeninnsats, er budsjetttert til kr. 84 000,-.

Kommunedirektøren finn at tiltaket det vert søkt om støtte til, er i tråd med føremålet til bygdeutviklingsmidlane, og går inn for å løyve kr. 30 000,- i tilskot til kompetanseheving/promotering og innkjøp av utstyr. Det er ikkje funne grunnlag for å løyve midlar til å dekkje kunstnar- og artisthonorar, jf. saksutgreiing for vurdering og grunngjeving.

Bakgrunn for saka

Bygdeutviklingsutvalet i Vaksdal kommune forvaltar ei tilskotsordning for å fremje bygdeutvikling i kommunen, med inntil kr. 500 000,- i tilskotsmidlar for 2021. Delar av midlane er brukte.

I søknad av 09.02.21 søker «Stanghelle Kultur, ved Stefano Giusti og Line Giusti, om kr. 60 000,- i bygdeutviklingsmidlar til innkjøp av teknisk utstyr og gjennomføring av konsertar.

«Stanghelle Kultur» er ei nyleg stifta foreining, registrert i Brønnøysundregistra, som ønskjer å tilby kulturarrangement med hovudvekt på musikk, men også innanfor litteratur, utstillingar og liknande, jf. søknaden. Det går fram at initiativtakarane har brei erfaring frå ulike kultur- og festival-arrangement, og at dei no ønskjer å nytte denne kompetansen til å utvikle eit nytt og breiare tilbod lokalt. I dette høve vert det vist til gjennomførte huskonsertar i 2020, som ei byrjing.

Føremålet med initiativet er å leggje til rette for lokal aktivitet og å skape trivnad og opplevingar innanfor kulturfeltet. Planen er at mange av arrangementa vil bli haldne på Stanghelle, men det er òg ønskeleg å gjere nytte av andre stader i kommunen.

Tilboda vil vere opne for alle, innanfor rammene av tilgjengelege billetter og billettprisar. Intensjonen er å spreie entusiasme, leggje til rette for «bynært bygdeliv» og å tilby publikum eit litt annleis kulturtilbod. Søklar skriv i dette høve at eit tilskot frå bygdeutviklingsutvalet vil vere med å gje grunnlag for framtidig drift og gjennomføring av ulike aktivitetar.

Søknaden om midlar er knytt til gjennomføring av ei konsertrekke, og fordeler seg på følgjande tiltak/gjermål:

- Innkjøp av PA-anlegg med mikrofonar : kr. 20 000,-.
- Kunstnar- og artisthonorar : kr. 30 000,-.
- Kompetanseheving og promotering: : kr. 10 000,-.

Vedlagt kostnadsoverslag og finansieringsplan viser budsjetttert kostnad på kr. 84 000, der søknadssummen utgjer 71 % av oppgjevne utgifter. Resterande beløp skal dekkjast gjennom billettinntekter.

Det går fram av søknaden at mykje av arbeidet knytt til førebuing og gjennomføring, skal gjerast

ved eigeninnsats. Denne innsatsen er ikkje teken med i budsjettet, men utgjer eit vesentleg beløp.

Formelt grunnlag:

- Kommuneleova - generelle sakshandsamingsreglar.
- «Retningslinjer for tildeling av midlar frå Bygdeutviklingsutvalet», vedtekne på møtet av 26.05.20; <https://www.vaksdal.kommune.no/innhald/landbruk-nering-og-skatt/bygdeutvikling/retningslinjer-for-tilskot-til-bygdeutvikling/>

Det formelle grunnlaget vert vurdert under «*vurdering og konsekvensar*».

Vurdering og konsekvensar:

Søknaden vert vurdert å vere i samsvar med retningslinene for tilskotsordninga sine krav til innhald og kven som kan søkje om midlar (mellom anna private aktørar og verksemdar).

I følge retningslinene skal bygdeutviklingsmidlane nyttast til føremål med ålmenn nytte, og stimulere til levande bygdlev. Midlane skal kome mange til gode, skape trivnad og medverke til aktivitet som er tilgjengeleg for alle. I dette høvet kan det gjevast midlar til materiell og utstyr til ulike prosjekt og stader. Det kan òg gjevast stønad til kurs og kompetanseutvikling, men ikkje til drift.

Kommunedirektøren ser på etablering av «Stanghelle Kultur» som eit spanande og kreativt initiativ, som kan gje lokalt publikum nye kulturtilbod og spesielle opplevingar, spesielt på musikksida. Foreininga vert sett på som eit idealistisk initiativ, meir enn ei kommersiell satsing, og det går fram av budsjettet for musikkonsertane, at overskotet vert nærast lik kr. 0,-. Eit eventuelt overskot skal gå til framtidige arrangement.

Vurderinga er at planlagte aktivitetar er i samsvar med føremålet som bygdeutviklingsmidlane skal fremje.

I søknaden vert det søkt om kr. 30 000,- til kunstnar- og artisthonorar. Kommunedirektøren oppfattar desse utgiftene som driftskostnader, og meiner at dei difor fell utanfor retningslinene til bygdeutviklingsmidlane. Dei resterande kostnadane (PA-anlegg og kompetanseheving/promotering), ligg innanfor regelverket. På bakgrunn av desse vurderingane vert difor «godkjend kostnad» sett til kr. 30 000,-, som er kr. 30 000,- mindre enn kva det vert søkt om.

I vurderinga av søknaden vert det i tillegg til innhald og fastsett kostnad, lagt vekt på den store graden av eigeninnsats.

Retningslinene seier at det skal takast omsyn til geografisk spreiding og om bygder har fått tilskot ved tidlegare høve. Tettstaden Stanghelle har etter kva Kommune-direktøren kjenner til, ikkje fått tildelt bygdeutviklingsmidlar før.

Retningslinene for bygdeutviklingsmidlane set ikkje noko øvre grense for prosentvis finansiering.

På bakgrunn av søknaden sitt innhald, kriteria for løyving, tilgjengelege midlar og innkomne søknadar, går Kommunedirektøren inn for å løyve kr. 30 000,- i tilskot til musikkarrangement i regi av «Stanghelle Kultur». Løyvinga utgjer 100 % av «godkjend kostnad». I dette ligg utgifter til innkjøp av utstyr, kompetanseheving og promotering.

Introduksjon

Stanghellebygda er ei levende bygg på mange måter. Vi i Stanghelle Kultur ønsker å bidra til dette og da med et hovedfokus på musikk. Vi ønsker også å tilby arrangementer innenfor litteratur, utstillinger og andre kunstformer. Gjennom ulike kulturelle opplevelser vil vi skape trivsel og aktivitet i bygda, og arrangementene vil være tilgjengelige for alle.

Vi søker med dette støtte på kr 60.000 fra bygdeutviklingsutvalet i Vaksdal Kommune.

Vi søker støtte til innkjøp av teknisk utstyr som skal nyttes av Stanghelle Kultur sine framtidige arrangement. Det søkes også støtte til gjennomføring og promotering av en planlagt konserttrekke. Målet med konserttrekken er å øke konserttilbudet og mangfoldet vi har i Vaksdal Kommune. Vi er ikke knyttet til en fast scene men ønsker å bruke ulike alternativer i bygda, men kan og vurdere andre bygder om det blir aktuelt.

Hvem er Stanghelle Kultur?

Stanghelle Kultur er organisert som en forening. De som står bak initiativet er Stefano Giusti og Line Giusti. Som tidligere arrangør og bookingansvarlig fra scener som Blæst i Trondheim og tre ulike scener på Studentersamfundet i Trondhjem, har vi en bred erfaring med å arrangere konserter fra små scener og tilstelninger til konserter for over 1000 publikummere. I tillegg har vi bred erfaring med å jobbe på festivaler som Quartfestivalen, Storåsfestivalen, Øya Festivalen, Stasjonsfestivalen, Molde Jazzfestival, ByLarm, Pereferifestivalen, Ekstremsportveko på Voss m.fl. Arbeidsoppgaver har vært alt fra promotering, ansvar for bardrift, økonomiansvar, billettsalg, booking, artistkontakt, vaktshjef, scenemedarbeider og områdevakt.

Etter at vi flyttet ut fra byen og til mindre urbane strøk ønsker vi å videreføre denne kompetansen og gi det lokale publikumet et nytt og bredere musikalsk tilbud samt andre typer for utøvende kunst. Lokalt har vi tidligere arrangert flere gatemarkeder på Stanghelle og Dale, arrangert marsj for Syria på Stanghelle, hatt både trener- og styreverv i Stanghelle idrettslag, Vaksdal Båtforening og det siste året har vi arrangert huskonserter med både norske og utenlandske artister. På grunn av Covid -19 ble det som skulle være en lengre konserttrekke i 2020, til tre huskonserter på Stanghelle. Alle konsertene har vært utsolgte og med ventelister. Booking for sommeren og høsten 2021 er i gang. Fokuset har naturlig nok endret seg noe fra internasjonalt og nasjonalt, til regionalt og lokalt.

Hvorfor gjør vi dette?

Stanghelle og Vaksdal kommune ligger langs E16 og midt mellom Bergen og Voss. Dette gjør at vi kan være et naturlig stopp på veien til andre og større spillejobber på nevnte steder. Ved å vise frem Stanghelle og Vaksdal kommune til artister og publikum, kan vi spre entusiasme og positive opplevelser knyttet til bygda vår. Vi ser det som et ledd i å fremsnakke «bynært bygdeliv» i praksis.

Flere av de artistene vi har vært i kontakt med sier at det er et behov for nye scener utenfor de mer etablerte spillestedene. Vi ønsker å tilby en scene både til etablerte musikere, men og til artister som er i begynnelsen på sin karriere og som trenger erfaring fra livejobber.

Kort fortalt ønsker vi å tilby bygda og publikum et litt annerledes kulturtilbud.

Hva søker vi penger til?

- *PA – anlegg med mikrofoner: 20.000kr*

Om vi kan tilby en scene med et lydanlegg vil det være enklere å gjennomføre våre arrangementer. Da er vi ikke avhengig av innleie og vi er mer fleksible med tanke på bredde på arrangementene. Anlegg vi har sett på vil være enkle i bruk, og vil kunne benyttes uten spesiell teknisk kompetanse.

Ved behov kan drift og vedlikehold av et PA-anlegg finansieres av utleie.

- *Kunstner – og artisthonorar: 30.000kr*

Vi ønsker å tilby kunstnere og artister et honorar som gjør at det er aktuelt å komme til Stanghelle. Med sikkerhet i støtte fra Bygdeutviklingsutvalget vil vi kunne tilby Stanghellebygda et variert kulturelt tilbud. I den tida vi er inne i nå er slike lysglimt ekstra viktige, og tilbakemeldinger vi har fått på tidligere arrangement har vist dette.

Honorarer vil i hovedsak betales med inngangsbilletter fra publikum, men vi kommer også i fremtiden til å søke offentlig støtte lokalt, regionalt og nasjonalt.

- *Kompetanseheving og promotering : 10.000kr*

For at folk skal nå oss er det viktig med promotering. Det vil skje gjennom annonsering både i lokalpresse og på sosiale medier. Vi ønsker å promotere Stanghelle Kultur for aktuelle artister og kunstnere slik at bookingprosessen kan gå lettere.

Vi bruker Norske Konsertarrangører som kunnskapsbase og henter maler og eksempler fra deres hjemmeside. Vi ønsker å heve vår kunnskap på skriving av søknader til ulike støtteordninger gjennom kursing i Norske Konsertarrangører (NKA).

Stanghelle Kultur i fremtiden

Stanghelle Kultur ønsker å være en bidragsyter i kulturlivet på Stanghelle og i kommunen. I normale tider ser vi for oss at vi skal selge flere billetter enn det vi har budsjettet med i vedlagt budsjett. Vi har og ambisjoner om å arrangere større arrangement for flere publikummere, men det som er viktig nå er å få etablert og stabilisert oss som er god og trygg arrangør. Med et tilskudd fra bygdeutviklingsutvalget vil vi kunne skaffe oss et grunnlag for fremtidig drift og gi bygda både trivsel og aktiviteter i ulike varianter.

Ta gjerne kontakt om noe er uklart og ved behov stiller vi gjerne på et utvalgsmøte.

Med vennlig hilsen Stefano og Line Giusti

Vedlegg: Budsjett og tre eksempel på arrangement

Budsjett Stanghelle Kultur- 6 arrangement

<u>Inntekter</u>	Bill. Pris:	Ant. solgte:	
Billetter forhåndsalg	200	120	24000
			0
Støtte fra Bygdeutvikling (VK)			60000
Sum inntekter			84000

Utgifter

Artist:	Honorar	36000
	Transport	Egeninnsats
	Admin	3000
	Overnatting	Egeninnsats
	Backstage Catering	3000
	Buy Out / middag	3600
Teknikk:	Innleie	0
	Innkjøp PA m mikrofoner	20000
	Lydtekniker	Egeninnstas
	Artistansvarlig	Egeninnsats
	Billetør	Egeninnsats
	Vakter	Egeninnsats
PR:	Annonsering	4000
Annet:	Venue fee / Leie av lokaler	3500
	Tono-avgift	4200
	Medlemskap Norsk Konsert Arrangør (NKA)	700
	Kurs NKA -søknadsskriving	2000
	Kurs NKA - promtering og sosiale medier	2000
	Kurs NKA - profil og PR	2000
	Sum utgifter	84000

Resultat *	0
-------------------	----------

* et evt overskudd vil gå til fremtidige arrangementer

Eli Gauden - singer songwriter fra Nordheimsund

<u>Inntekter</u>	Bill. Pris:	Ant. solgte:	
Billetter forhåndsalg	200	20	4000
Bygdeutvikling tilskudd			3000
Sum inntekter			7000

Utgifter

Artist:	Honorar	4000
	Reise	0
	Transport	0
	Admin	500
	Backstage Catering	150
	Buy Out / middag	400
Teknikk:	Innleie	0
	Lydtekniker	Egeninnstas
	Lystekniker	Egeninnsats
	Artistansvarlig	Egeninnsats
	Billettør	Egeninnsats
	Vakter	
PR:	Plakater/Flyere	0
	Annonsering	500
Annet:	Husleie / venue fee	600
	Tono-avgift	700
	Utenlandsskatt	0
	Deko, håndklær el	0
Sum utgifter		6850

Resultat *	150
-------------------	------------

* et evt overskudd vil gå til fremtidige arrangementer

Embla and the Karidotters - band fra Bergen

<u>Inntekter</u>	Bill. Pris:	Ant. solgte:	
Billetter forhåndsalg	200	20	4000
Bygdeutvikling tilskudd			8000
Sum inntekter			12000

Utgifter

Artist:	Honorar	8000
	Reise	0
	Transport	0
	Admin	500
	Backstage Catering	500
	Buy Out / middag	1200
Teknikk:	Innleie	0
	Lydtekniker	Egeninnstas
	Lystekniker	Egeninnsats
	Artistansvarlig	Egeninnsats
	Billettør	Egeninnsats
	Vakter	
PR:	Plakater/Flyere	0
	Annonsering	500
Annet:	Husleie / venue fee	600
	Tono-avgift	700
	Utenlandsskatt	0
	Deko, håndklær el	0
	Sum utgifter	12000

Resultat *	0
-------------------	----------

* et evt overskudd vil gå til fremtidige arrangementer

Ruth Lillegraven - forfatter fra Granvin, familiearrangement /barnebok

<u>Inntekter</u>		Bill. Pris:	Ant. solgte:	
	Gratisarrangement		0 20	0
	Bygdeutvikling tilskudd			4000
Sum inntekter				4000
 <u>Utgifter</u>				
Artist:	Honorar			2000
	Reise			0
	Transport			0
	Admin			500
	Backstage Catering			150
	Buy Out / middag			300
Teknikk:	Innleie			0
	Lydtekniker			Egeninnstas
	Lystekniker			Egeninnsats
	Artistansvarlig			Egeninnsats
	Billettør			Egeninnsats
	Vakter			
PR:	Plakater/Flyere			0
	Annonsering			500
Annet:	Husleie / venue fee			500
	Tono-avgift			0
	Utenlandsskatt			0
	Deko, håndklær el			0
	Sum utgifter			3950
Resultat *				50

* et evt overskudd vil gå til fremtidige arrangementer



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
15/2021	Bygdeutviklingsutvalet	PS	11.05.2021

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FE-233	21/207

LØYVING AV BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL VØLING AV TAK PÅ GRENDAHUSET LJOSHEIM, FLATEKVAL I EKSINGEDALEN

Vedlegg:

Søknad om bygdeutviklingsmidlar til Grendahuset Ljosheim
Prosjektplan Grendahuset Ljosheim - Vaksdal kommune
Rapport frå tømrrar- strakstiltak skifertak på Grendahuset Ljosheim
Budsjett og finansieringsplan tak
vedtekter

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Bygdeutviklingsutvalet i Vaksdal kommune løyver inntil kr. 100 000,- i bygdeutviklingsmidlar til laget «Grendahuset Ljosheim» for vøling av taket på grendahuset (verneverdig kulturminne).

Løyvinga utgjer 13 % av «godkjend kostnad» på kr. 750 000,- (øvre ramme). Utbetaling vert gjort ut frå dokumenterte utgifter innanfor ramma.

Vedtaket er gjort med bakgrunn i «Retningsliner for tilskot til bygdeutvikling». Løyvinga skal takast frå utvalet sine tilgjengelege midlar for 2021.

Tilskotet kan på førespurnad, (del)utbetalast før slutføring.

Sluttrapport med kostnadsdokumentasjon skal sendast til kommunen innan tre veker etter at tiltaket er gjennomført.

Løyvinga gjeld for 2 år frå og med vedtaksdato. Etter dette vert tilskotet trekt attende.

Saksopplysningar:

Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Bygdeutviklingsutvalet har kr. 500 000,- i tilskotsmidlar til fordeling i 2021.

Husstyret for laget «Grendahuset Ljosheim» søker om kr. 150 000,- i bygdeutviklingsmidlar til å vøle taket på huset.

Grendahuset vert nytta av lag/organisasjonar i Eksingedalen til mange, ulike samlingar/føremål, og er ein viktig samlingsstad for innbyggjarane i dalføret. Huset har stort vedlikehaldsetterslep, og det vert jobba aktivt med opprusting. Vøling av taket hastar mest.

Rådmannen har vurdert søknaden i høve til «Retningsliner for tildeling av midlar frå Bygdeutviklings-utvalet», og gjer framlegg om å løyve inntil kr. 100 000,- til tiltaket. Dette utgjer 13 % av «godkjend kostnad», og er kr. 50 000,- mindre enn kva det er søkt om.

Bakgrunn for saka

Bygdeutviklingsutvalet i Vaksdal kommune forvaltar ei tilskotsordning for å fremje bygdeutvikling i kommunen, med inntil kr. 500 000,- til fordeling i 2021.

I søknad av 10.02.2021 søker husstyret for laget «Grendahuset Ljosheim», ved Anna Sveinungsdotter Bergo, om kr. 150 000,- i tilskot til vøling av taket på grendahuset. Huset ligg på Flatekval i Eksingedalen.

I følgje søknaden – og laget sine vedtekter - skal «Grendahuset Ljosheim» arbeide for å sikre drift og vedlikehald av Ljosheim, til beste for innbyggjarane. Grendahuset er felles for grendene i dalføret, og alle har rett til å nytte huset etter fastsett leige.

Søkjar opplyser at grendahuset er registrert som verneverdig kulturminne i Vaksdal kommune sin kulturminneplan. Huset har stort vedlikehaldsetterslep, og det vert arbeidd aktivt med å gjennomføre naudsynt vedlikehald. Det er nyleg gjort fleire oppgraderingar, som nytt gulv i salane, brannsikringstiltak og mellombels tetting av taket. I tillegg vert det no gjennomført oppgradering og reparasjon av sanitæranlegget. Kostnaden med heile «omvøla» er budsjettert til kr. 1,8 millionar.

Vøling av taket er det viktigaste og mest omfattande tiltaket til no, skriv søkjar. Arbeidet er budsjettert til kr. 750 000,-. Det er søkt om økonomisk støtte frå fleire hald, og ei finansiering på kr. 390 000,-, inkludert dugnadsarbeid, er sikra til no. Kostnadsoppsett med finansieringsplan går fram av vedlagt budsjett til søknaden.

Søkjar skriv at ei finansiering frå Bygdeutviklingsutvalet vil kome svært godt med, og at målet er å vere ferdig med rehabiliteringa av grendahuset til 125-årsjubileumet i 2022.

Formelt grunnlag:

- Kommunelova- generelle sakshandsamingsreglar.
- «Retningsliner for tildeling av midlar frå Bygdeutviklingsutvalet», vedtekne på møtet av 26.05.20; <https://www.vaksdal.kommune.no/innhald/landbruk-nering-og-skatt/bygdeutvikling/retningslinjer-for-tilskot-til-bygdeutvikling/>

Det formelle grunnlaget vert vurdert under «*vurdering og konsekvensar*».

Vurdering og konsekvensar:

I følgje retningslinene skal bygdeutviklingsmidlane nyttast til føremål med ålmenn nytte, og stimulere til levande bygdeliv. Midlane skal kome mange til gode, skape trivnad og medverke til aktivitet som er tilgjengeleg for alle. I dette høve kan det gjevast midlar til konkrete prosjekt, til dømes opprusting, gjerne i kombinasjon med annan finansiering. Midlane kan ikkje gjevast til drift.

Rådmannen vurderer at søknaden om midlar til vøling av taket på Ljosheim, er i tråd med retningslinene og kriteria for løyving av bygdeutviklingsmidlar. Grendahuset er eit viktig og sentralt samlings-punkt i Eksingedalen, med mange ulike typar arrangement og samlingar. Grendahuset er tilgjengeleg for innbyggjarane, og legg til rette for felles arrangement, samhald og lokal identitet.

Kostnadsoppsettet i søknaden innfri retningslinene sine krav til budsjettering, med synleggjering av eigeninnsatsen (dugnad med meir), jf. vedlegg.

Retningslinene seier at det, om mogeleg, skal leggst vekt på geografisk spreining ved fordeling av midlar, og at bygder som ikkje har fått tildeling tidlegare, skal prioriterast. I dette høve vart det løyvd midlar til tiltak i Eksingedalen i 2020, og det er kome inn to søknadar ved denne søknadsomgangen.

Bygdeutviklingsutvalet har avgrensa med midlar til disposisjon. Dette omsynet er vektlagt ved sakshandsaming, saman med intensjonen om at midlande skal kome flere søkjarar/stader til nytte. Desse forholda har hatt tyding for innstillinga til stønadsbeløp.

Søknaden frå husstyret er godt grunngjeven, med god synleggjering av behovet for tiltaket. Lokale krefter legg ned mykje arbeid for å vedlikehalde og ruste opp grendahuset. Vøling av taket er i dette høvet eit stort økonomisk løft, men naudsynt. Rådmannen vurderer difor at tildeling av bygdeutviklingsmidlar vil gje stor nytte- og finansieringsverdi, i lag med annan, ekstern finansiering.

Med bakgrunn i innhaldet i tiltaket, innkomne søknadar og tilgjengelege midlar, går Kommunedirektøren inn for å løyve inntil kr 100 000,- til vøling av taket på grendahuset. Dette utgjer 13 % av «godkjend kostnad» på kr. 750 000,-, og er kr. 50 000,- mindre enn søknadsbeløpet. Utbetalinga vert knytt til dokumentasjon av reelle og godkjende kostnadar.

Frå Grendahuset Ljosheim
v/Anna Sveinungsdotter Bergo
5728 Eidslandet

Til Vaksdal kommune
v/ Bygdeutviklingsutvalet
att: Tore Henrik Øye
5722 Dalekvam

Eksingedalen, 10.februar 2021

Søknad om midlar til takvøla på grendahuset Ljosheim i Eksingedalen

Husastyret for Grendahuset Ljosheim (org. Nr 922703108) søker med dette Vaksdal kommune om kr. 150.000,- i bygdeutviklingsmidlar til omvøla av taket på grendahuset vårt.

Grendahuset Ljosheim er eit frivillig lag som skal arbeida for å sikra drift og vedlikehald av Ljosheim, til beste for innbyggjarane i bygda; jfr. vedlagte vedtekter. Ljosheim er sams bygdeieiga til sams bruk for ibuarane i Eksingedalen. Alle i bygda har lik rett til å bruka huset mot å betale fastsett leige.

Grendahuset er oppført som verneverdig i kommunen sin kulturminneplan, og er eit vakkert kulturminne der den opprinnelege delen er i tidstypisk dragestil. Husastyret for Ljosheim arbeider iherdig for å ta att det store etterslepet av heilt naudsynt vedlikehald, bevaringstiltak og oppgradering av bygningen. Dei siste to åra er det gjort vesentlege oppgraderingar, m.a. er det lagt nytt golv i begge salane, dei gamle og brannfarlege vedomnane er skifta ut og begge pipeløpa er brannsikra. Taklekkasjane er tetta midlertidig, med støtte frå m.a. Kulturminnefondet. Det pågår eit arbeid no med oppgradering og reparasjon av toalettområdet/gangen, og det skal installerast nye innerdører i ein stil som passar huset. Stiftelsen Uni, Kulturminnefondet, Vestland fylkeskommune, lokal kronerulling og mange dugnadstimar frå bygdefolket har finansiert det vesentlegaste av arbeidet som er utført til no. <https://www.facebook.com/grendahusetljoshim>

Totalt kostnadsoverslag for heile omvøla av grendahuset er om lag kr.1.800.000,-

Det viktigaste framover er likevel den store omvøla som må til på taket. Denne er heilt nødvendig, og klart det mest kostnadskrevjande enkeltprosjektet.

På den opprinnelege delen av huset kjenner ein ikkje til at det har vore gjort noko med taket sidan huset var nytt i 1897. Bygningsingeniøren har konkludert med at heile taket må demonterast, skadane må reparerast (med ny papp/ nye lekter/omspikring av takstein) og øydelagte takstein må bytast ut. Dette er ei omfattande sak både økonomisk og arbeidsmessig. Budsjettet er på 750.000 kroner. Posten for «uføresett» er sett noko høgt avdi me er usikre på kva for «overraskingar» som dukkar opp når arbeidet tek til.

Stiftelsen Uni har løyvd 100.000 kroner til taket, og Vestenfjelske Bykreditt har løyvd 200.000. Inkludert dugnad har me 390.000 i sikker finansiering så langt.

*Grendahuset Ljosheim, stifta 1897. Adr: Eksingedalsvegen 1080, 5728 Eidslandet.
Org. nr: 922703108. Kontonummer: 3480.17.52650*

Men det trengst meir finansiering for å kunne setja i gang dette arbeidet, og me vonar på tildeling av bygdeutviklingsmidlar.

Me søker også andre instansar, td. har me søkt Kulturrådet i tillegg til bygdeutviklingsmidlar. Budsjettet er vedlagt.

I 2022 er Ljosheim 125 år, og me har som mål at huset skal vera ferdig rehabilitert til jubileet. Me vonar Vaksdal kommune vil vera med på laget!

Med venleg helsing Grendahuset Ljosheim

Anna Sveinungsdotter Bergo

Leiar Husastyret


Vedlegg:

- Vedtekter
- Prosjektplan
- Budsjett og finansieringsplan for takvøla
- Rapport frå tømrrar etter gjennomførte strakstiltak

GRENDAHUSET LJOSHEIM

Bygningsvern og oppgradering av eitt av Noregs eldste ungdomshus

Prosjektbeskriving og søknad om bygdeutviklingsmidlar



Tilretteleggjar: Husastyret i
Grendahuset Ljosheim
Org. nr 922703108

Fagleg ansvarleg: Tømrar og
bygningssnikkar Sveinung Tyssen
Bergo, org nr. 984795165

Bygningsvern og oppgradering av Grendahuset Ljosheim

Saka gjeld: Husastyret for Grendahuset Ljosheim søker med dette Vaksdal kommune om bygdeutviklingsmidlar til opprusting av taket på grendahuset.

Om oss: Grendahuset Ljosheim (org. nr 922703108) er eit frivillig lag som skal arbeida for å sikra drift og vedlikehald av Ljosheim, til beste for innbyggjarane i bygda; jfr. vedlagte vedtekter. Ljosheim er sams bygdeeeiga til sams bruk for ibuarane i Eksingedalen. Alle i bygda har lik rett til å bruka huset mot å betale fastsett leige.

Husastyret for Ljosheim har tatt grep for å ta att det store etterslepet av heilt naudsynt vedlikehald, bevaring og oppgradering av bygningen.

Mål:

- Å bevare Ljosheim for notid og framtid
- Å sikra at det vert utført naudsynte bevaringstiltak og oppgradering av bygningen og trygga den mot forfall og brann
- Å bidra til at nolevande og framtidige generasjonar får oppleve tilhøyrgheit til og vera stolte av kulturminnet Ljosheim
- Å tilrettelegga for auka bruk, aktivitet og liv i bygningen

Bakgrunn og kort historikk: Grendahuset Ljosheim (bygt 1897) ligg på garden Flatekval i Eksingedalen. Grendahuset er eitt av Noregs eldste ungdomshus, og er eit verdifullt kulturminne med stort behov for bevaringstiltak og oppgraderingar. Huset har SEFRAK-ID 1251-0306-039, bygningsnummer 175828893, og i kulturminneplanen til Vaksdal kommune er huset oppført som verneverdig. Grendahuset er registrert i www.anleggsregisteret.no, anlegg nr 11111. Huset er friteke for eigedomsskatt.

Historia til huset er både interessant og brokete. I 1881 vart forløparen til ungdomslaget skipa; »Flatekvål Bokforeining»; då ungdomsrørsla kom til Eksingedalen. Det vart samla inn pengar frå bygdefolket, og kjøpt inn bøker som var til utlån. Desse skulle gje ungdomen opplysning, almenndanning, arbeidshug og kveikja fedrelandskjensla. Etter kvart vart det trong for ein møteplass med lager åt den stadig veksande boksamlinga, og i 1893 vart det vedteke å byggja eit ungdomshus. Fri grunn vart gjeve frå grunneigar Nils O Flatekval mot at han fekk «hevdi» frå utedoen tilknytt huset; Anders Lavik gav 20 kr til byggjekassa mot at han fekk bestemma namnet og det vart Ljosheim. Hans Lillejord teikna huset, og byggjekomite med 5 mann vart nedsett.

Tømmer vart hogge på dugnad lenger nede i dalen, køyrt opp og tilskåren, men det tok si tid før bygging kom i gang. Alle husstander i dalen kunne teikna seg på liste til pengegåver, nokon einskildpersonar gav anonyme gåver, og ungdommane lagde basarar og auksjonar med utlodding av heimelaga husflidsprodukt og bruksting, festar med program, spelstykkje og dans. Alt overskotet gjekk rett i byggjekassa. I den handskrivne avisa «Dølen» kan ein lesa om dette, og det var stendige purringar for å koma i gang. Endeleg, vinteren 1897 byrja dei; muren vart ordna, tømmeret kom på plass og byggmeister vart tinga. Arkitekten, Hans Lillejord hadde teikna huset med storsal, takstolar, galleri, kjøkken og kjellar. Dette forkasta byggjekomiteen av di dei var redde det vart for dyrt. Dei gjorde om på teikningane utan å konferera med arkitekten, slik at det vart storsal med liten kjøkkenkrok og ein takstol. Hans Lillejord vart mykje harm over dette, og dei vart uvener. Den største utfordringa låg i finansieringa, men bygginga kunne omsider starta, og huset stod ferdig våren 1897. Alt på stiftingsmøtet same år vart det bestemt at Ljosheim skal vera bygda sitt hus, og dei lagde vedtekter for dette.

Grendahuset Ljosheim, stifta 1897. Adr: Eksingedalsvegen 1080, 5728 Eidslandet.

Org. nr: 922703108. Kontonummer: 3480.17.52650

Sjølv med fleire omvøler opp gjennom åra har huset (spesielt storesalen) behalde sin opprinnelege, vakre og tidstypiske dragestil. I storesalen er tak og vegger slik dei var i 1897. Takstolen likeså. Utskjeriingane er truleg gjort av Andreas N Høvik (f 1885), og teppa er vevde av Anna Flatekval f 1878. Eit stort drikkehorn står på ei hylle oppe på veggen, utskåre av kunstnaren Katarina Saltnes, f 1862. Ho etterlet seg mange prydgjenstander på mange gardar i Eksingedalen (ref: Asbjørn Åsgård: «Katharina Saltnes», Nordhordland forlag, ISBN 82-90908-07-5).

Huset har vore gjennom fleire omvøler og påbygg. I 1967 vart det reist eit tilbygg med nytt kjøkken, stor gang og toalettanlegg. I 2005 var det også gjort ei omvøla.

Status for Ljosheim i 2021:

Det vart valt nytt husastyre for Ljosheim i 2019 etter at drifta hadde lagt nede ei stund. Vedlikehaldet av bygningen hadde då eit stort etterslep, og det var behov for snarlege tiltak for å hindra ytterlegare forfall. Det gjaldt både sjølve bygningen, t.d. pipa som ikkje fylte brannføreskriftene; utbrente og brannfårlege vedomnar (frå 1952 og 1967), taklekkasje fleire stader og manglar ved det elektriske anlegget. Me er svært glade for at det er gjort ein god del utbetningsarbeid dei siste to åra, men fleire naudsynte og kostnadskrevjande tiltak må setjast i verk.

Det som er gjort til no: (sjå også <https://www.facebook.com/grendahusetljoshem>)

- Stiftelsen Uni har finansiert to nye vedomnar, samt brannsikring av begge pipene med nye innsatsar i stål og ny pipehatt. Arbeidet vart gjennomført vinteren 2020.
- Golva i begge salane er skifta, her var det råte og lekkasjar fleire stader. Dette arbeidet vart også utført i 2020, ved hjelp av midlar frå Kulturminnefondet, kronerulling, pengegåver og ein stor dugnadsinnsats frå bygdefolket. Utsjånad og dimensjonar på det nye golvet er nær det opprinnelege golvet frå 1897.
- Kulturminnefondet løyvde sikringsmidlar til midlertidig reparasjon av taket for å stoppa lekkasjar. Arbeidet vart gjennomført i 2020.
- Arbeidet med å utbetra skader innvendig i toalettområdet etter taklekkasje, installasjon av ventilasjonsanlegg mm pågår (januar 2021). Innerdørene i mahognyfinér er erstatta med dører i ein stil som passar huset. Brorparten av arbeidet er finansiert av fylkeskommunen («Tilskot til verna kulturminne», løyvinga er på kr. 100.000.)
- Det er gjort nokre mindre utbetningar på det elektriske anlegget, men heile anlegget må snart skiftast ut.

Der er også ein del andre behov, t.d. må septiktanken og avlaupsanlegget bytast. Slik det er no går kloakken rett i elva. Dei gamle og utdaterte kvitevarene på kjøkenet må bytast ut. Det som hastar mest no er likevel den store omvøla som må til på taket, som er reparert midlertidig. Bygningstømraren har konkludert med at heile taket må demonterast, skadane må reparerast (med ny papp/ nye lekter/omspikring av takstein) og øydelagte takstein må bytast ut. Dette er ei omfattande og tidkrevjande sak med eit kostnadsoverslag på 750.000 kroner. Stiftelsen Uni har løyvd 100.000 til dette arbeidet, Vestenfjelske Bykreditt har løyvd 200.000, men me manglar pr. dags dato resten av finansieringa. Me søker også andre instansar, td. har me søkt fylkeskommunen og Kulturrådet om midlar.

Det er likevel ei stor utfordring å skaffa nok pengar, og arbeidet bør om mogeleg gjerast i inneverande år (rapport frå tømrrar etter utførte strakstiltak er vedlagt).

Økonomien er stadig eit tilbakevendande problem når det gjeld vedlikehald og vern av eigedommen. Dugnadsarbeid og stønad frå folket ved å bruka huset, har vore naudsynt for å få det til. Mykje arbeid og slit er lagt ned, mest hjå dei som starta det heile i 1897, så me er kjenner oss pliktige til å ta vare på Ljosheim. Alle i bygda er glade i huset vårt, det har «sjel», me eig det i lag og me vil gjera det me kan for at også dei som kjem etter oss skal få glede og nytte av det. Det er berekna stor dugnadsinnsats frå bygdefolket også i det føreståande arbeidet med taket.

Huset er i bruk til sosiale og kulturelle tilstelningar; møter, kurs, bygdefestar, basarar, loppemarknad, bryllaup, åremålsdagar og konfirmasjonar osb. Det er ynskjeleg å auke aktiviteten og få endå meir liv i huset. Det er difor mykje om å gjera å få huset i god stand, så godt som mogeleg tilbakeført til *si* tid, men Ljosheim skal også vera eit hus *i tida*. Neste år (2022) fyller Ljosheim 125 år, det er vårt ambisiøse mål at huset skal vera ferdig rehabilitert til jubileet. Me vonar at kommunen vil vera med på dette spleiselaget!

Eksingedalen 26. januar 2021

Husastyret v/ Anna Sveinungsdotter Bergo
Leiar



Skada og manglande takstein på vestsida av bygningen. Dette er no midlertidig reparert, i påvente av eit større arbeidet på taket.



Skada sløys og manglande/øydelagt takstein på austsida av bygningen.



Under reparasjonsarbeidet vart det avdekka at pappen under skiferen har gått i oppløysing, lektene er rotne og må skiftast ut.



Nærbilete sløys



Her er nytt og vakkert golv lagt i begge salane, og ein nydeleg vedovn i gammal stil (men med moderne teknologi) er montert i Storesalen. Inspirerande og motiverande for alle, ikkje minst for oss som driv fram arbeidet!

Eksingedalen 18.06.20

Reparasjon av skifertak, sløyser og vindskier på Grendahuset Ljosheim.

Arbeidet med reparasjon av skifertaket på Grendahuset Ljosheim er no utført.

Ved dette arbeidet har det vorte enda meir tydeleg at heile taket bør spikrast om, og dårleg skiferstein skiftast om ikkje so altfor lenge. Det er vanskeleg å arbeida med utskifting av heller utan at det losnar andre heller. Mange av skiferhellene er signe av lekta i bakkant, og ein må rekna med at det losnar mange heller – særleg når snøen rasar av taket.

Underlagspappen er ikkje lenger tett, og manglar heller vert det fort vasslekkasje.

Men i skrivande stund er alle heller på plass.

Helsing Sveinung Tyssen Bergo, bygningstømrar.

Kostnadsoverslag spesifisert				
Rehabilitering og isolering av skifertak, hovedbygg med tilbygg frå 60-talet (ikkje scenebygg)				
Areal skifertak ex tilbygg= 283m2				
		à kr	Sum	
500	23 x 48mm sløyfer	7,36	3 680	
1500	36 x 48mm lekter	10,83	16 245	
28	Underl.papp Norkraft 1x12	823,00	23 044	
130	stk remser nye	100,00	13 000	
40	Nye gavlstien	100,00	4 000	
130	m2 ny 12"x18" lappskifer	1 000,00	130 000	
1	stk sløysebeslag	2 500,00	2 500	
18	Pak 2,8x65mm skiferspiker	166,00	2 988	
3	Pak 4,8x75mm farmerskrue	203,00	609	
25	Pak skruer for lekter 5x120mm	180,00	4 500	
90	lm 22x173mm vindski\loddbord	34,00	3 060	
1	Takrenner framside komplett	4 700,00	4 700	
2	Pak skruar renne	300,00	600	
2	Wakaflex pipeinndekning	1 250,00	2 500	
1	Pat tec7 pipe	130,00	130	
1	Transport av material	8 000,00	8 000	
	Rigging, stillas, fjerning skifer - varsomt		-	dugnad
	Fjerning av sløyfer/lekter, papp mm		-	dugnad
	Montering papp, sløyfer, lekter		-	dugnad
	Bæring av skifer, bortkøyning av rive materiale		-	dugnad
		300 timar		
350	timar tømrrabas: Montering av skifer, sløysebeslag, vindskier, loddbord, takrenner, pipeinndekning	500	175 000	
	Brukt skifer til tilbygg 30 kvm a kr 300 inkl arbeid		30 000	
	Uføresettt		100 000	
	Sum ekskl mva		524 556	

	25% mva		131 139	
	Sum inkl mva	kr	655 695	
	Dugnad 300 timar	kr.	90 000	
	SUM	kr	745 695	
	Avrunda	kr.	750 000	

Eksingedalen 10.01.2021

Sveinung Tyssen Bergo, bygningstømrar

org.nr. 984795165

Finansieringsplan

Stiftelsen UNI	kr.	100 000	Løyvd
Vestenfjelske Bykreditt	kr.	100 000	Løyvd
Kulturrådet	kr.	150 000	Søkt
Bygdeutviklingsmidlar	kr.	150 000	Søkt
Tilskot til verna kulturminne	kr.	100 000	Søkjer feb.-21
Vossabanken	kr.	50 000	Søkt
Dugnad	kr.	90 000	
Eigne midlar	kr.	10 000	
SUM FINANSIERING	kr.	750 000	

VEDTEKTER FOR GRENDAHUSET LJOSHEIM

§ 1 Foreininga sitt namn

Namnet er Grendahuset Ljosheim. Grendahuset Ljosheim har forretningskontor i Vaksdal kommune.

§ 2 Føremål

Grendahuset Ljosheim er eit frivillig lag skal arbeida for å sikra drift og vedlikehald av Ljosheim, til beste for innbyggjarane i bygda. Ljosheim er sams bygdeeiga til sams bruk for ibuarane i Eksingedalen. Alle i bygda har lik rett til å bruka huset mot å betale fastsett leige.

§ 3 Juridisk person

Foreininga er sjølveigande og ein frittstående juridisk person med upersonleg og avgrensa ansvar for gjeld.

§ 4 Medlemar

Medlemar i foreininga er alle personar over 16 år med bustadsadresse i Eksingedalen.

§ 5 Røysterett

Alle medlemar har røysterett på årsmøtet med èi røyst pr person. Alle medlemar i foreininga er valgbare til tillitsverv i foreininga.

§ 6 Godtgjering av tillitsvalde

Tillitsvalde skal ikkje motta honorar for verva sine.

§ 7 Årsmøte

Årsmøtet, som seinast skal haldast kvart år i april månad, er foreininga sitt høgste mynde.

Årsmøtet skal innkallast av styret med minst 1 månads varsel, direkte til medlemmane og/eller ved kunngjering i pressa og/eller flygeblad til kvar husstand i Eksingedalen. Framlegg som skal behandlast på årsmøtet skal være sendt til styret seinast 2 veker før årsmøtet. Fullstendig sakliste skal vera tilgjengeleg minst ei veke før årsmøtet.

Alle medlemar i foreininga har møterett på årsmøtet. Årsmøtet kan be inn andre personar og/eller media til å vera til stades. Årsmøtet er vedtaksført med det tal medlemar med røysterett som møter. Ingen har mer enn èi røyst. Det kan ikkje røystast ved fullmakt.

Årsmøtet kan berre behandla framlegg til vedtektsendring som er oppført på saklista seinast 1 veke før årsmøtet. Andre saker kan behandlast og avgjerast når 2/3 av dei frammøtte krev det. Slik avgjerd kan bare takast i samband med godkjenning av saklista.

§ 8 Leiing av årsmøtet

Årsmøtet vert leia av vald møteleiar.

§ 9 Røysting på årsmøtet

Med mindre anna er fastsett skal eit vedtak for å være gyldig vera gjort med ordinært fleirtall av røystene. Blanke stemmer skal ikkje reknast med.

Valg føregår skriftleg om det vert sett fram forslag om dette. Berre føreslegne kandidatar kan først opp på røystesetelen. Røystesetlar som er blanke, eller som inneheld ikkje føreslegne kandidatar, skal forkastast.

Likt røystetal mellom to kandidatar skal avgjerast ved omval dersom det er røysta på fleire enn desse to kandidatane. Likt røystetal når det berre er røysta på to kandidatar skal avgjerast ved loddtrekning.

§ 10 Årsmøtet sine oppgåver

Årsmøtet skal:

1. Handsama Grendahuset Ljosheim si årsmelding
2. Handsama Grendahuset Ljosheim sin årsrekneskap i revidert stand
3. Handsama innkomne forslag
4. Vedta Grendahuset Ljosheim sitt budsjett, herunder satsar for leige av huset
5. Velja:
 - a) Leiar
 - b) Styremedlemar
 - c) Revisorar (2)
 - d) Valnemnd (2-3 personar)

§ 11 Omframe årsmøter

Omframe årsmøter skal haldast når styret bestemmer det, eller minst ein tredjedel av dei røysteføre medlemmane krev det.

Det skal innkallast på samme måte som for ordinære årsmøter, med minst 1 månads varsel. Omfram årsmøte kan berre behandla og ta avgjerd i dei sakene som er kunngjort i innkallinga.

§ 12 Styret

Foreininga vert leia av eit styre på 4-5 medlemmar. Styret er høgste mynde mellom årsmøta. Styreleiar skal velgjast av årsmøtet kvart år. Styremedlemar er på val for to år. Styret konstituerer seg sjølv.

Styret skal:

1. Sjå til at dei vedtaka som vert gjort på årsmøta vert sett ut i livet.
2. Oppnevna komitear/utval/personar for spesielle oppgåver og utarbeida instruks for desse.
3. Administrera og føre naudsynt kontroll med Grendahuset Ljosheim sin økonomi.
4. Representera Grendahuset Ljosheim utad.

Styret skal halda møte når leiaren krev det eller eit fleirtal av styremedlemmane krev det.

Styret er vedtaksført når eit fleirtal av styret sine medlemmar er til stades. Vedtak vert gjort med fleirtal av røystene. Ved likt stemmetal tel styreleiaren si røyst dobbelt.

§ 13 Vedtektsendring

Vedtektsendring kan gjerast på årsmøtet av dei som etter §5 har røysterett på årsmøtet. Forslag om vedtektsendring skal førast på saklista og kunngjerast minst 2 veker før årsmøtet. Vedtektsendring kan gjerast med vanleg fleirtal.

§ 14 Opplysning

Denne bestemmelsen kan ikkje endrast.

Opplysning av Grendahuset Ljosheim kan berre behandlast på ordinært årsmøte. Vert oppløysing vedteke med minst 2/3 fleirtal, skal det kallast inn til omfram årsmøte 3 månader seinare.

Rune Nesheim	Sveinung T. Bergo	Liv Anne Bergo	Hege M. Lavik
Evelyn Gullbrå	Sigrid Tyssen	Astrid Lavik	Jomar Flatekval
Odd Inge Brønstad	Aud Marit B. Bergo	Anna S. Bergo	Britt Eide



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
16/2021	Bygdeutviklingsutvalet	PS	11.05.2021

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Henrik Øye	FE-223	21/493

LØYVING AV BYGDEUTVIKLINGSMIDLAR TIL Å UTVIKLE NETTSIDA "WWW.VELKOMMENTILVAKSDAL.COM"

Vedlegg:

Søknad om tilskot frå bygdeutviklingsutvalet

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bygdeutviklingsutvalet i Vaksdal kommune løyver inntil kr. 15 000,- i bygdeutviklingsmidlar til Stamnes Dronefoto, ved Rune Langeland, til utvikling av nettsida www.velkommentilvaksdal.com.

Løyvinga er knytt til «godkjent kostnad» med etablering og utforming av nettsida, jf. kostnadsoppsett under saksutgreiing.

Vedtaket er fatta med bakgrunn i «Retningsliner for tilskot til bygdeutvikling». Løyvinga skal takast frå utvalet sine tilgjengelege midlar for 2021.

Tilskotet vert betalt ut etter innsendt sluttrapport med kostnadokumentasjon.

Løyvinga gjeld ut 2021. Etter dette vert tilskotet trekt attende.

Saksopplysningar

Samandrag/konklusjon (kort om saka):

Bygdeutviklingsutvalet har kr. 500 000,- i tilskotsmidlar til rådvelde i 2021.

Stamnes Dronefoto søker om kr. 16 277,- i tilskot til utvikling av nettsida www.velkommentilvaksdal.com. Føremålet er å fremje Vaksdal kommune som bustad.

Kommunedirektøren finn at søknaden er i tråd med bygdeutviklingsmidlane sitt føremål. «Godkjend kostnad» vert sett til kr. 15 000,- og det vert gått inn for å løyve dette beløpet.

Bakgrunn for saka:

Bygdeutviklingsutvalet i Vaksdal kommune forvaltar ei tilskotsordning for å fremje bygdeutvikling i kommunen, med inntil kr. 500 000,- i tilskotsmidlar for 2021. Delar av midlane er nytta.

I søknad av 19.03.21 søker Stamnes Dronefoto, ved Rune Langeland, om kr. 16 277,- i bygdeutviklingsmidlar til etablering og utvikling av nettsida www.velkommentilvaksdal.com, fordelt på følgjande utgifter:

- | | |
|---|-------------|
| · Leverandør av webside, 1 år ved oppstart: | kr. 1 188,- |
| · Leverandør websida for 10 år framover | kr. 6 000,- |
| · Domene – 10 år framover | kr. 2 790,- |
| · Køyreutgifter (200 km x 4,50,-/km) | kr. 900,- |
| · Lisensar, musikk og sfx | kr. 3 183,- |

I tillegg kjem kr. 45 000,- i eige arbeid (120 t x 450,-/t), fordelt på innhenting av informasjon, fotografering/videopptak, redigering, oppsetjing av nettside m.m.. Denne kostnaden er ikkje teke med i grunnlaget for søknaden.

Føremålet med nettsida er å presentere kvalitetane ved å bu i Vaksdal kommune, som vonleg vil vere med å fremje interessa om kommunen som bustad.

I søknaden viser søker til Vaksdal kommune sin planlagte utvikling av eiga nettside om å bu i kommunen. Her vert høvet for samarbeid og vekselverknadar når det gjeld innhald, profilering og resultat, trekt fram.

Søklar opplyser at utgiftene det vert søkt om å få dekkje, har oppstått.

I 2020 løyvde Bygdeutviklingsutvalet kr. 7 000,- i tilskot til Stamnes Dronefoto for utvikling av dronofilm om kommunen som bustad.

Formelt grunnlag

- Kommunelova - generelle sakshandsamingsreglar.
- «Retningslinjer for tildeling av midlar frå Bygdeutviklingsutvalet», vedtekne på møtet av 26.05.20; <https://www.vaksdal.kommune.no/innhald/landbruk-nering-og-skatt/bygdeutvikling/retningslinjer-for-tilskot-til-bygdeutvikling/>

Bruk av det formelle grunnlaget går fram under «*vurdering og konsekvensar*».

Vurdering og konsekvensar

Søknaden frå Stamnes Dronefoto vert vurdert å vere i samsvar med retningslinjene for tilskotsordninga sine krav til innhald og kven som kan søkje om midlar (mellom anna private aktørar og verksemder).

I følgje retningslinjene skal bygdeutviklingsmidlane nyttast til føremål med ålmenn nytte, og stimulere til levande bygdeliv. Midlane skal kome mange til gode, skape trivnad og medverke til aktivitet som er tilgjengeleg for alle. I dette høvet kan det gjevast midlar til materiell og utstyr til ulike prosjekt og stader. Det kan òg gjevast stønad til kurs og kompetanseutvikling, men ikkje til

drift.

Tiltaket det vert som om støtte til, skal vere eit reiskap for å skape interesse for å flytte til Vaksdal. Føremålet med tiltaket samsvarer soleis med kommunale mål om å arbeid for tilflytting og auka busetjing i kommunen.

Initiativet til søkjar uttrykker eit sterkt engasjement for Vaksdal som bustad. Lokal busetjing er avgjerande for utvikling av gode stader å bu. Tiltaket er soleis positivt i seg sjølv, og kan vere eit godt tillegg til kommunen sitt arbeid. Det er teke med i vurderinga at søkjar har fått tilskot ved tidlegare høve. Tiltaka vert sett i samanheng, og Kommunedirektøren finn grunnlag for å tilrå ny løyving.

Det går fram av søknaden at utgiftene har oppstått. Vurderinga i dette høvet er at søkjar er i ein prosess med utvikling av nettsida, og at arbeidet ikkje er slutført. Det vil difor ikkje vere naturleg å ha for streng praksis knytt til om prosjektet har starta opp eller ikkje, før søknad vert fremja.

Mykje av utgiftene det vert søkt om finansiering til, dreier seg om lisensar. Desse kan ha preg av å vere driftskostnadar, men er i sakshandsaminga definert som etableringskostnadar. I dette høve er «godkjend kostnad» med tiltaket sett til kr. 15 000,-. Kostnaden med køyring, er ikkje inkludert.

Det går fram av søknaden at eigeninnsatsen er vesentleg.

På bakgrunn av søknaden sitt innhald, kriteria for løyving av tilskot, tilgjengelege midlar og inntømne søknadar, går Kommunedirektøren inn for å løyve kr. 15 000,- i tilskot til utvikling av nettside om Vaksdal kommune som bustad. Tilskotet utgjer 100 % av «godkjend kostnad», og føreset dokumentasjon av faktiske utgifter.

Søknad om tilskot frå Bygdeutviklingsutvalet mars 2021

Vil med dette søkja om tilskot.

Vaksdal Kommune har mange kvalitetar, og det har i lang tid vore eit stort problem at desse ikkje kjem fram til andre enn innbyggjarane som allereie bur her. Spesielt ute i bygdene. Før Vaksdal Kommune bestemte seg for å laga si eiga nettside, sette eg derfor igong med dette sjølv, på eige initiativ. Om\ når Vaksdal kommune si side er ferdig (som sikkert er ei stund til?) kan desse sidene leva side om side. Vaksdal si framtidige side kan også hente informasjon frå denne sida der det kan vere nyttig. Dette vil ikkje på nokon måte vera ei konkurrerende side.

Sida er no: www.velkommentlivaksdal.com (Dette kan sjølv sagt endrast til .no domene.) Og det kan sjølv sagt stå velkomen med ein M slik god nynorsk skal vera, sjølv om ingen faktisk seier det slik! ;-)

Uansett: sida er låst no under redigering, men berre registrer dykk som "medlem" så skal eg godkjenna bygdeutviklingsutvalet slik at de får adgang. Denne låsen vert fjerna når sida er klar.

Tanken bak: Enkel, lett vint og god informasjon til dei som lurar på kva som eigentleg er i Vaksdal kommune. Spesielt dei som vurderer å flytte til Vaksdal. Noko som direkte informasjon med tekst, video og bilete, og resten som lenker og kontaktinformasjon direkte til der dei kan finna ut meir. Kombinert med den dei nye kommunevertane kan dette vere eit svært godt verktøy.

Som det også kom fram på kommunevertmøtet: Dette manglar i dag!

Eg vil presisera på sida at dette ikkje er ei kommunalt drifta nettside, så det ikkje vert forvirring omkring det.

Noko som understrekar behovet for ei slik side er at undervegs i arbeidet med sida, så har eg gjentatte gongar kontakta Vaksdal kommune med spørsmål som eg gjerne skulle fått svar på. Nokon epostar er tilbake til i oktober\november, framleis er alt utan svar. Spørsmåla har handla om eksempelvis tomter, om næring, om lag, kulturplan og anna som like gjerne kunne ha kome frå nokon som vurderte å flytta til Vaksdal. Null tilbakemeldingar ville vore eit dårleg førsteinntrykk i så fall.

Sida kan enkelt redigerast utan unødig byråkrati og venting. For akkurat det er eit større problem enn mange kanskje forstår. Både firma og private som ser noko som bør vere med på sida eller burde endrast, kan enkelt ta kontakt for å få gjort dette.

Alle eg har snakka med undervegs har delt velvillig og stilt opp, veldig kjekt. Eg har sett saman alt på sida og laga mesteparten sjølv, men enkelte bilete og anna har eg fått låna av andre (merka med namn). Sidan ikkje alt innhald er mitt, vert alt arbeid og arbeidstimar i dette prosjektet utført som reint dugnadsarbeid frå mi side. Eg vil ikkje ha betaling for å visa ei side

der også andre sitt arbeid er med. Denne sida er frå innbyggjarane, til innbyggjarane og forhåpentlegvis til nye tilflyttarar.

Denne søknaden er difor ein søknad som kun gjeld å få dekkja allereie påløpte utgifter ifm produksjon av sida og noko til å kunna oppretthalda sida framover. Direkte utgifter til webleverandør etc, altså ikkje løn for arbeidet.

Nokon ting manglar framleis, men det vil forhåpentlegvis koma etter kvart. Eksempelvis presentasjon av barnehagar og skular (om ikkje anna enn bygga, leikeområdet og plassering som eit minimum), og video som viser litt meir av dei resterande bygdene som enda er utan video. Og gjerne også korte intervju med lokalbefolkning om nokon stiller opp. F.eks representantar frå eit idrettslag som kan fortelje om det dei driv med. Nokon kommunevertar er heller ikkje kome med på lista enda; igjen på grunn av svært lang svartid frå Vaksdal kommune.

Ellers lyt ein sjå på dagens utgåve av sida som ein betaversjon som kan utviklast, redigerast og tilpassast slik ein ynskjer. Vonar folket i Vaksdal vil senda innspel om dei ser noko som er feil, noko som bør fjernast eller noko som bør koma med. Om folk har gode forslag kan dei senda alt frå bilete til ferdige tekstar som kan brukast direkte. Håpar på ei dynamisk og oppdatert side!

Utgifter:

Leverandør av webside, 1 år nå ved oppstart:	1188,-
Leverandør webside for 10 år framover m\rabatt:	6000,-
.no Domene 10 år framover:	2790,-
Kilometer, kjøring rundt til alle deler av kommunen	
undervegs fram til no. ca 200km x 4,50 =	900,-
Lisenser musikk og sfx	3183,-
Lisenser stock foto\video brukt til headere og ved manglende bilder	2216,-
Timer til innhenting av informasjon, ta bilder, video, redigering, sette opp nettside, med meir: 120T (++) x 450,- = Kr <u>54 000,-</u>	Dugnad
Tilsaman:	16 277,-
(mva 25% vil koma i tillegg)	

Dokumentasjon\kvittering på alle utlegg kan sjølvsgt sendast ved positivt utfall på søknad.

Håpar på positiv vurdering, som vil gjera at sida kan leva vidare og utviklast til å profilera Vaksdal kommune på ein god måte framover.

Rune Langeland
Kallestadvegen 31
5727 Stamnes
Telefon: 41041372
E-post: stamnes86@hotmail.com